



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom i 4. etasje, Heradshuset  
**Dato:** 18.09.2019  
**Tidspunkt:** 15:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Einar Ulla tlf. 972 90 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Einar Ulla og Roald Breistein møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Boris Groth  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 34/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 35/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 36/19	Rapport Forvaltningsrevisjon Vaksdal kommune - Tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule		2018/74
PS 37/19	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalget i denne valperioden		2017/27
PS 38/19	Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentlig sakshandsaming i Vaksdal kommune		2017/105
PS 39/19	Løypemelding vedr. forvaltningsrevisjon interkommunal legevaktteneste		2019/37
PS 40/19	Framlegg til budsjett for 2019 for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune		2017/58
PS 41/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 42/19	Referatsaker		
RS 15/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019		2019/15
RS 16/19	Vedrørande forvaltningsrevisjon Dale Skule arbeidstilhøve.		2018/74
PS 43/19	Eventuelt		

**PS 34/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 35/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2018/74-40  
Sakshandsamar: Øivind Olsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	36/19	18.09.2019

## Rapport Forvaltningsrevisjon Vaksdal kommune - Tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule

### Samandrag / konklusjon

Kontrollutvalet vedtok i møte den 3.4.2019 (sak PS 16/19) å tinge ein forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule.

Deloitte har i perioden april til september 2019 gjennomført undersøkinga. Rapporten peikar på funn av fleire avvik med ulik alvorsgrad.

Kontrollutvalet vedtek i saka her å tilrå at kommunen set i verk tiltak for å lukke avvika som revisjonen har peika på.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok i møte den 01.10.2018 (sak 60/2018):

«.... Kommunestyret ber kontrollutvalet om at det i løpet av 2019 vert gjort ein kontroll av tilhøve for dei tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne og ungdomsskule.

Ein slik kontroll kan innehalde ma:

- Arbeidskontraktar (også av underleverandørar)
- Oversikt underleverandørar
- Bruk av lærlingar
- HMT
- SHA – plan
- Lista er ikkje uttømmende .....»

Kontrollutvalet vedtok i møte den 3. april godkjenning av framlegg til prosjektplan frå Deloitte og oppstart av prosjektet. Grunna ulike funn under revisjonen sitt arbeid, godkjende kontrollutvalet i juni å utvide prosjektramma noko.

## Saksopplysningar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje om tilsette som arbeider på byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule har arbeidstilhøve som er i samsvar med gjeldande regelverk.

Følgjande hovudproblemstillingar er undersøkt:

1. Har kommunen etablert naudsynlege krav, og kontroll med at krav blir følgt, når det gjeld arbeidstilhøve til tilsette i byggeprosjekt Dale barne- og ungdomsskule?
2. Har tilsette i prosjektet arbeidstilhøve som er i samsvar med kontrakt og omfatta regelverk?

Prosjektet er avgrensa til kontroll av eit utval på ti tilsette hos tre underentreprenørar i perioden mars og april 2019. Arbeidskontraktar, arbeidstid og løn i kontrollperioden er undersøkt. Underentreprenørane har hatt større kontraktar og mykje arbeid på byggeplassen.

Revisjonskriterium som er lagt til grunn for prosjektet går fram av vedlegg 2.

I prosjektet har revisjonen innhenta relevant dokumentasjon frå Vaksdal kommune og kontrakt mellom kommunen og hovudentreprenør. Det er gjennomført intervju med representantar frå byggherren og kommunen sin eksterne rådgjevar. Referat frå intervju og rapportframlegg er verifisert av dei som er kontakta og eventuelt endra / kommentert i endeleg rapport.

Rapporten har også vore på høyring til rådmannen, som har gjeve sin uttale, jmf vedlegg 1.

## Drøfting / vurderingar

Revisjonen har gjennomført undersøkinga og utarbeida ein grundig rapport om sine funn. Prosjektet er gjennomført i samsvar med avtalt tidsplan slik at rapporten kan handsamast både av kontrollutvalet og kommunestyret i inneverande valperiode.

Revisjonen slår fast at Vaksdal kommune i kontrakt med totalentreprenør har stilt krav til arbeidsvilkåra (løns- og arbeidstilhøve) for dei tilsette som jobbar på byggeprosjektet. Dette er krav som også totalentreprenør har stilt vidare til sine underentreprenørar. Krava som kommunen har stilt er i samsvar med forskrift om arbeidstilhøve i offentlege kontraktar § 5. Revisjonen peikar likevel på at kontraktstkrava ikkje er i samsvar med kommunestyrevedtak om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha *tariffavtale* og alle rettar som det gjev.

Revisjonen peikar vidare på at kommunen ikkje har rutinar for kontraktsoppfølging, verken generelt eller for det aktuelle byggeprosjektet. Dette gjev risiko for at brot på kontraktar ikkje vert oppdaga. Kommunen har heller ikkje gjennomført nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår vert overhalde. Kommunen har etter revisjonen si vurdering ikkje følgd tilstrekkeleg opp krava knytt til å motverka sosial dumping.

Gjennomførte stikkprøvekontrollar har avdekt fleire brot på krava om løns- og arbeidstilhøve for tilsette hos underleverandørane som jobbar på byggeprosjektet. Dette gjeld brot på dei tre kontrollområda – arbeidsavtalar, arbeidstid og løn. Det er ikkje funne brot på krav til minstelønn. Etter revisjonen si vurdering er fleire av brota knytt til føresegna om arbeidstid vesentlege.

Revisjonen understrekar at kontrollen ville avdekt fleire brot dersom ein la til grunn aktuell tariffavtale, slik pkt. 4 i protokoll frå kommunestyrevedtak 70/2017 tilseier:

4. Totalentreprenør og underentreprenørar skal ha tariffavtale.

Av rapporten går det fram at under undersøkinga så har både hovudentreprenør og underentreprenørar gjennomført ulike tiltak for å rette opp avvik og manglar som er avdekka i prosjektet. Dette er ein positiv gevinst ved undersøkinga.

Forvaltningsrevisjonen har også gjeve Vaksdal kommune, som byggherre, auka kunnskap og merksemd på dei ulike tilhøva som er sett fokus på i undersøkinga. I sin høyringsuttale slår rådmannen fast at «Kommunen ser alvorleg på funna i rapporten og at dette ikkje er oppdaga i oppfylginga av entreprenør.»

Kommunen planlegg gjennomføring av fleire store investeringsprosjekt i åra framover. Det vil derfor vere viktig å gjennomføre tilrådde tiltak og setje fokus på dei tilhøva som her er påpeike ved inngåing av kontraktar for nye byggeprosjekt. Rutinar må innarbeidast i dei prosjektverktøy som kommunen er i ferd med å utarbeide.

Ved planlegging, i drøfting og i vedtak om oppstart av prosjektet velde kontrollutvalet å spissa fokus for kontrolloppgåva. Dette for å avgrense ressursbruken i høve kommunestyret sitt vedtak i sak 60/2018, der det var peika på mange ulike element som ein slik kontroll kunne femne om. Undervegs har kontrollutvalet auka ressursbruken noko for å få ein grundig og dokumentert rapport innanfor planlagt tidsplan.

I rapporten er det gjennomført avgrensa undersøkingar som har avdekket avvik og manglar. I planfasen skisserte revisor ein opsjon for seinare oppfølging / utvida kontrollar om det var trong for dette.

Funna i undersøkinga gjev tydelege signal om at kva som kommunen bør gjere for å rette opp desse. Sekretariatet rår derfor ikkje til å gjennomføre ytterlegare undersøkingar no, men heller be om ein status frå rådmannen ved oppstart av neste større byggeprosjekt.

#### **Revisjonen si tilråding:**

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen at Vaksdal kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer rutinar for kontraktsoppfølging
2. Gjennomfører tilstrekkeleg kontrollar av krava til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar
3. Sikrar at kommunestyrevedtak blir følgd opp

#### **Framlegg til vedtak i kontrollutvalet**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp tilrådingane og innarbeider desse i dei prosjektverktøy som kommunen er i ferd med å utarbeide

Kontrollutvalet nyttar seg ikkje av revisjonen sin opsjon for vidare undersøkingar

Kontrollutvalet ber revisjonen delta i og leggje fram rapporten for kommunestyret

#### **Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar
2. Kommunestyret ber om at rådmannen føl opp tilrådingane og innarbeider desse i dei prosjektverktøy som kommunen er i ferd med å utarbeide.
3. Innan 01.02.2020 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis tilrådingane i rapporten er og vert følgd opp

Øivind Olsnes  
Settesekretær for kontrollutvalet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Vaksdal kommune - forvaltningsrevisjonsrapport
- 2 oversendingsbrev



## **Forvaltningsrevisjon | Vaksdal kommune** Tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule

September 2019



Forvaltningsrevisjon av tilhøva for  
tilsette som utfører arbeid på ny  
Dale barne- og ungdomsskule

September 2019

Rapporten er utarbeidd for Vaksdal  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Samandrag

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Vaksdal kommune gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om tilsette som arbeider på byggeprosjektet har arbeidstilhøve som er i samsvar med gjeldande regelverk.

Som datagrunnlag har revisjonen nytta dokumentgjennomgang og intervju, samt gjennomført stikkprøvekontroll av løns- og arbeidstilhøve blant utvalde tilsette frå tre underleverandørar som utfører arbeid på byggeprosjektet. Forvaltningsrevisjonen blei gjennomført frå april til september 2019.

Vaksdal kommune har i kontrakt med totalentreprenør stilt krav om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med forskrift om allmenngjering av tariffavtale for områder med slik forskrift. Gjennom *forskrift om delvis allmenngjering av tariffavtale for byggeplasser i Norge*, føreligg det allmenngjort tariffavtale for bransjeområda i byggeprosjektet som regulerer krav til minstelønn.

Krava som kommunen har stilt i kontrakten med totalentreprenøren er i samsvar med forskrift om arbeidstilhøve i offentlege kontraktar § 5. Kontraktkrava er likevel ikkje i samsvar med kommunestyrevedtaket om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha *tariffavtale*. Den aktuelle forskrifta er berre ein delvis allmenngjering av tariffavtalen *Fellesoverenskomsten for byggfag 2018-2020*, og gjev slik ikkje dei tilsette som arbeider på byggeprosjektet alle rettane som inngår i tariffavtalen, slik kommunestyret har stilt krav om.

Kommunen har ikkje rutinar for kontraktsoppfølging, verken generelt eller for det aktuelle byggeprosjektet, og det er slik risiko for at brot på kontraktar ikkje blir oppdaga. Kommunen har heller ikkje gjennomført nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaldt i det aktuelle byggeprosjektet, jf. § 7 i forskrift om løns- og arbeidstilhøve i offentlege kontraktar. Kommunen bryt slik med denne delen av regelverket, og følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp krava knytt til å motverke sosial dumping.

Totalentreprenøren har i dei tre kontrollerte kontraktane med underentreprenørar stilt krav til at tilsette hos desse skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med allmenngjort tariffavtale jf. allmenngjøringsloven og aktuell forskrift for allmenngjering av tariffavtale. Dette er i samsvar med kontraktskrava kommunen har stilt til totalentreprenøren, men ikkje med kravet om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha tariffavtale, slik Vaksdal kommunestyret har vedtatt.

Stikkprøvekontrollen avdekte fleire brot på krava om løns- og arbeidstilhøve for tilsette hos underleverandørar som jobbar på byggeprosjektet. Det blei avdekt brot på alle dei tre kontrollerte områda (arbeidsavtalar, arbeidstid og løn). Det blei ikkje funne brot på krava til minste timeløn, jf. forskrift om delvis allmenngjering av tariffavtale for byggeplasser i Norge. Fleire av brota knytt til arbeidstid er vesentlege, og kontrollen ville avdekt fleire brot dersom ein la til grunn aktuell tariffavtale, jf. kommunestyrevedtak 70/2017.

Revisjonen sine tilrådingar går fram i 5.

# Innholdsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Føremål og problemstillingar	5
1.3	Avgrensing	5
1.4	Metode	5
1.5	Revisjonskriterium	6
2.	Bakgrunn	7
3.	Kommunen sine krav til og kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tilsette i byggeprosjektet	8
3.1	Problemstilling	8
3.2	Revisjonskriterium	8
3.3	Krav til løns- og arbeidstilhøve for tilsette på byggeprosjektet	8
3.4	Rutinar for og gjennomføring av kontroll med løns- og arbeidstilhøve	10
4.	Kontroll av løns- og arbeidstilhøve til tilsette i byggeprosjektet	12
4.1	Problemstilling	12
4.2	Revisjonskriterium	12
4.3	Krav til dei tilsette sine løns- og arbeidstilhøve i kontraktar med underentreprenørar	12
4.4	Kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tilsette hos tre utvalde underentreprenørar	13
5.	Konklusjon og tilrådingar	15
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	16
	Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	17
	Vedlegg 3 : Detaljerte funn frå kontroll av løns- og arbeidstilhøve	20
	Vedlegg 4 : Sentrale dokument og litteratur	26

## Tabellar

Tabell 1:	Krav til løns- og arbeidstilhøve i kontrakten mellom byggherre og totalentreprenør	9
-----------	--	---

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne og ungdomsskule i Vaksdal kommune. Forvaltningsrevisjonen blei bestilt av kontrollutvalet i Vaksdal kommune 3. april 2019 i sak PS 16/19.

Bakgrunnen for revisjonen er eit tilleggsframlegg i kommunestyresak PS 60/2018, om strategi for kommunale anskaffingar og tiltak mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi. Her vedtok kommunestyret å be kontrollutvalet om at det i løpet av 2019 blir gjort ein kontroll av tilhøva for dei tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om tilsette som arbeider på byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule har arbeidstilhøve som er i samsvar med gjeldande regelverk.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

### 1. Har kommunen etablert naudsynte krav, og kontroll med at krav blir følgt, når det gjeld arbeidstilhøve til tilsette i byggeprosjekt Dale barne- og ungdomsskule?

- a. Kva krav er fastset?
- b. Kva rutinar er etablert for kontroll med krava?
- c. Blir rutinar for kontroll gjennomført som skildra?

### 2. Har tilsette i prosjektet arbeidstilhøve som er i samsvar med kontrakt og omfatta regelverk?

- a. Har entreprenør i sine kontraktar med underentreprenørar teke inn naudsynte føresegn om tilsette sine løns- arbeidstilhøve?
- b. Ligg det føre arbeidsavtale som er i samsvar med krav i arbeidsmiljøloven?
- c. Er føresegner i arbeidsavtalen når det gjelde løn og andre tilhøve i samsvar med regelverk, inkludert føresegner i tariffavtalar?
- d. Har den tilsette ein arbeidstid som er i samsvar med regelverket?
- e. Har den tilsette fått utbetalt ein løn som er i samsvar med arbeidsavtalen og faktisk arbeidstid?

## 1.3 Avgrensing

Kontrollen av løns- og arbeidstilhøve blant tilsette som jobbar på byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule er avgrensa til eit utval på ti tilsette hos tre av underentreprenørane som totalentreprenøren nyttar. Kontrollperioden er mars og april 2019.

Revisjonen har i samsvar med problemstilling 2 avgrensa kontrollen av løns- og arbeidstilhøve til å gjelde kontroll av dei tilsette sine arbeidskontraktar, arbeidstid og løn i den bestemte kontrollperioden.

## 1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet april til september 2019.

### 1.4.1 Dokumentanalyse

For å vurdere kommunen sine krav til løns- og arbeidstilhøve i kontrakt med totalentreprenøren, og oppfølging av desse krava, har revisjonen innhenta relevant dokumentasjon om byggeprosjektet frå Vaksdal kommune, som dokument frå anbuds konkurransen og kontrakt mellom kommunen og totalentreprenøren Consto Bergen AS.

#### **1.4.2 Intervju**

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte gjennomført eit intervju med representantar frå byggherre Vaksdal kommune og kommunens eksterne rådgjevar i konsulentselskapet Rambøll.

#### **1.4.3 Stikkprøvekontroll av løns- og arbeidstilhøve til tilsette på byggeprosjektet**

Det er gjort eit utval av tre av Consto Bergen AS sine underentreprenørar på bakgrunn av ei liste over alle underentreprenørar som har hatt aktivitet på byggeplassen i kontrollperioden. Det er gjort eit strategisk utval av underentreprenørar for å sikre at utvalet inneheld underentreprenørar som har større kontraktar og derav relativt mykje jobb på byggeplassen. Vidare er det gjort eit tilfeldig utval av til saman ti tilsette frå desse tre underentreprenørane basert på mannskapsliste for kontrollperioden.

Dokumentasjon for å gjennomføre kontrollen av dei ti tilsette sine løns- og arbeidstilhøve er innhenta frå totalentreprenøren Consto Bergen AS og dei tre utvalde underentreprenørane. Dokumentasjonen gjeld arbeidskontraktar, timelister,<sup>1</sup> korresponderande lønsslippar og banktransaksjonar, i tillegg til eventuelle lokale avtalar som regulerer arbeidstida til dei tilsette hos underentreprenørane. Kontraktane mellom Consto Bergen AS og dei tre utvalde underentreprenørane er også innhenta.

#### **1.4.4 Verifiseringsprosessar**

Referat frå intervju er sendt til dei som er intervjuar for verifisering. Det er berre informasjon frå det verifiserte intervjureferatet som er nytta i rapporten.

Totalentreprenør Consto Bergen AS har fått den delen av rapporten som omhandlar dei til verifisering. Totalentreprenøren har òg fått tilsendt høyringsutkast av rapporten, revisjonen har gjort nokre justeringar basert på tilbakemelding og nye faktaopplysningar uttale frå Consto.

Funna frå kontrollane av tilsette sine løns- og arbeidstilhøve er sendt dei respektive underentreprenørane for verifisering. På bakgrunn av kommentarane frå underentreprenørane er det gjort nokre justeringar i funn og observasjonar. Underentreprenørane sine kommentarar til funna er å finne i vedlegg 3.

Datadelen av rapporten er sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten blei deretter sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale er å finne i vedlegg 1.

#### **1.5 Revisjonskriterium**

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå arbeidsmiljølova, forskrift om løns- og arbeidstilhøve i offentlege kontraktar, forskrift om informasjons- og påsjåpplikt og innsynsrett og forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

---

<sup>1</sup> For kontrollen av arbeidstid er det innhenta timelister som inneheld alle oppdrag dei tilsette har jobba på, ikkje berre byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule.

## 2. Bakgrunn

Vaksdal kommune som byggherre har inngått kontrakt med Consto Bergen AS (heretter omtalt som Consto) som totalentreprenør for bygginga av ny Dale barne- og ungdomsskule. Arbeidet på byggeplassen starta opp i juni 2018, og skulen skal ifølge kontrakten stå ferdig til skulestart 2020. Consto nyttar ei rekke underentreprenørar for å gjennomføre ulike delar av byggeprosjektet.

Kommunen har tilsett ein prosjektleiar som koordinerer byggeprosjektet for byggherren. I tillegg nyttar kommunen ekstern rådgjeving frå konsultantselskapet Rambøll både i samband med utarbeiding av konkurransegrunnlag og kontrakt, samt i oppfølginga av byggeprosjektet.

## 3. Kommunen sine krav til og kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tilsette i byggeprosjektet

### 3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgende hovudproblemstilling med underproblemstillinger:

1. *Har kommunen etablert naudsynte krav, og kontroll med at krav blir følgt, når det gjeld arbeidstilhøve til tilsette i byggeprosjekt Dale barne- og ungdomsskule?*
  - a. *Kva krav er fastset?*
  - b. *Kva rutinar er etablert for kontroll med krava?*
  - c. *Blir rutinar for kontroll gjennomført som skildra?*

### 3.2 Revisjonskriterium

Jf. forskrift om løns- og arbeidstilhøve i offentlege kontraktar skal Vaksdal kommune som offentlege oppdragsgjevar stille kontraktmessige krav om at tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontraktar, har løns- og arbeidstilhøve i samsvar med allmenngjort tariffavtale, eller en landsomfattande tariffavtale for områder utan slik allmenngjort tariffavtale (jf. § 5). Oppdragsgjevar skal også gjennomføre nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaltdt (jf. § 7).

Kommunen som bestiller av byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule er vidare underlagt informasjonsplikt jf. § 5 i forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett. Forskrifta stadfestar at «bestiller skal i kontraktar med entreprenører eller leverandører informere om at virksomhetenes arbeidstakere minst skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjøringsforskrifter». I prosjekt med ein hovudleverandør er det hovudleverandøren som skal «påse at lønns- og arbeidsvilkår hos virksomhetens underleverandører er i overensstemmelse med gjeldende allmenngjøringsforskrifter», jf. § 6 i forskrifta.

Når det gjeld det spesifikke byggeprosjektet har kommunestyret i Vaksdal kommune gjennom vedtak i sak 70/2017 stilt krav om at «totalentreprenør og underentreprenør skal ha tariffavtale».

Sjå vedlegg 2 for fullstendige revisjonskriterium.

### 3.3 Krav til løns- og arbeidstilhøve for tilsette på byggeprosjektet

#### 3.3.1 Datagrunnlag

Det går fram av intervju med representant frå Vaksdal kommune at kommunen i samband med anbudsprosessar i kommunale prosjekt alltid tar stilling til kva krav som skal inn i kontrakten. Dette gjeld også i dei innkjøpssamarbeida kommunen har med til dømes Bergen kommune og i Nordhordland. Kommunen nyttar ekstern innkjøpskompetanse på større anskaffingar når dei ikkje gjennomfører anskaffingar i innkjøpssamarbeid. I alle byggeprosjekt nyttar kommunen standardkontraktar, frå serien NS8401 - NS8407, med tilpassingar til det enkelte prosjekt.

For byggeprosjektet Dale barne- og ungdomsskule har kommunen nytta ekstern rådgjeving frå Rambøll i arbeidet med konkurransegrunnlag og kravspesifikasjonar. Kommunen som byggherre og rådgjevar frå Rambøll har i samarbeid utarbeidd konkurransegrunnlag, mens Rambøll har utarbeidd kravspesifikasjonane i konkurransegrunnlaget. Det er ikkje gjort særskilde risikovurderingar knytt til byggeprosjektet.

Når det gjeld dei spesifikke krava knytt til løns- og arbeidstilhøve for byggeprosjektet blei det i kommunestyrevedtak i sak 70/2017 stilt krav om at totalentreprenør og underentreprenør som skal arbeide på prosjektet skal ha tariffavtale.

Kommunen fekk i forkant av at prosjektet blei lagt ut på anbod besøk av Arbeidstilsynet som hadde registrert at det var planar om å bygge ny skule, og difor bad om eit møte med kommunen. I møtet med Arbeidstilsynet blei det diskutert kva krav kommunen bør stille til løns- og arbeidstilhøve i kontrakten. Det går fram av intervju at innspela frå Arbeidstilsynet i stor grad var grunnlaget for dei spesifikke krava som blei innlemma i kontrakten.

I kontrakten med Consto har kommunen stilt krav om at Consto skal sørge for at tilsette som arbeider på prosjektet har løns- og arbeidstilhøve i samsvar med forskrift om allmenngjøring av tariffavtale på dei områda som er dekkja av forskrift. Consto skal òg sørge for at dei same krava er teke inn i sine kontraktar med underentreprenørane.

Kommunen har kontraktfesta rett til å heve kontrakten med Consto dersom vesentleg misleghald blir avdekka. Kommunen kan òg krevje at Consto hevar sine kontraktar med underentreprenørar dersom misleghaldet gjeld underentreprenørane.

Dei krava som er lagt inn i kontrakten med totalentreprenøren Consto er spesifikke for dette prosjektet, og er ikkje standardformuleringar som blir nytta i alle kontraktar i kommunen. Tabell 1 under viser dei krava som inngår i kontrakten med totalentreprenøren Consto.

Tabell 1: Krav til løns- og arbeidstilhøve i kontrakten mellom byggherre og totalentreprenør

<b>Følgende tilføyes som nytt pkt. 18.9 «Lønns- og arbeidsvilkår»</b>
<p>På områder som er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal entreprenøren sørge for at ansatte hos entreprenøren og hans kontraktsmedhjelpere som direkte medvirker til å oppfylle denne kontrakten har lønns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldene forskrifter.</p> <p>På områder som ikke er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal entreprenøren sørge for at de samme ansatte har lønns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldende landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår menes bestemmelser om minste arbeidstid, lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnus-tillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmelser følger av tariffavtalen.</p> <p>Entreprenøren skal ha samme forpliktelser avtalefestet i alle avtaler som omfatter ansatte hos underentreprenører som direkte medvirker til å oppfylle denne kontrakten.</p> <p><u>Sanksjoner</u></p> <p>Ved brudd på kravene til lønns- og arbeidsvilkår skal totalentreprenøren rette forholdet. Der bruddet har skjedd hos en underleverandør, herunder bemanningsselskaper, er rettingsplikten begrenset til krav som er fremmet skriftlig innen tre måneder etter lønnens forfallsdato, både for krav som følger av allmenngjort tariffavtale og landsomfattende tariffavtale. De vilkår og begrensninger som følger av lov om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. av 4. juni 1993 § 13, skal gjelde i begge disse tilfellene.</p> <p>Byggherren har rett til å holde tilbake et beløp tilsvarende ca. to ganger innsparingen for arbeidsgiveren. Tilbakeholdsretten opphører så snart retting etter foregående ledd er dokumentert.</p> <p>Vesentlig mislighold av lønns- og arbeidsvilkår hos totalentreprenøren kan påberopes av byggherren som grunnlag for heving, selv om totalentreprenøren retter forholdene. Dersom bruddet har skjedd i underleverandørleddet, herunder bemanningsselskaper, kan byggherren på samme måte kreve at totalentreprenøren skifter ut underleverandører. Dette skal skje uten omkostninger for byggherren.</p>

I tillegg til dei skriftlege krava har byggherre hatt dialog med totalentreprenøren om korleis krava som gjeld løns- og arbeidstilhøve for dei tilsette på prosjektet skal bli følgt opp av totalentreprenøren. Til dømes tok byggherre opp temaet i forhandlingsmøte med Consto, før endeleg val av tilbyder og kontraktsignering. I møtet gjorde byggherre Consto merksam på kva som sto i kontrakten om krav til løns- og arbeidstilhøve, og opna for at Consto kunne gje innspel til korleis dei vil sikre at krava blir etterlevd. Det går fram av referat frå forhandlingsmøte at Consto vil gjere eigne stikkprøver av løns- og arbeidstilhøve til dei tilsette på prosjektet.

### 3.3.2 Vurdering

Det går fram i undersøkinga at kommunen i kontrakt med totalentreprenøren Consto har stilt krav til at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med forskrift om allmenngjøring av tariffavtale for områda med slik forskrift, mens tilsette på områda som ikkje er dekt av slik forskrift skal ha løns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for aktuelle



bransje. Gjennom forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge, føreligg det allmenngjort tariffavtale for bransjeområda i byggeprosjektet. Krava som kommunen har stilt i kontrakten med totalentreprenøren er slik i samsvar med forskrift om arbeidstilhøve i offentlege kontraktar § 5.

Krava som kommunen har stilt i kontrakten er likevel ikkje fullt ut i samsvar med vedtak i Vaksdal kommunestyre om at totalentreprenør og underentreprenør skal ha tariffavtale. I kontrakten er det stilt krav om at «På områder som er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal entreprenøren sørge for at ansatte hos entreprenøren og hans kontraktsmedhjelpere som direkte medvirker til å oppfylle denne kontrakten har lønns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldene forskrifter.» For byggfag er den aktuelle forskrifta ein *delvis* allmenngjøring av tariffavtalen Fellesoverenskomsten for byggfag 2018-2020 som i hovudsak regulerer krav til minstelønn, og gjev slik ikkje dei tilsette hos totalentreprenør eller underentreprenørane som arbeider på byggeprosjektet tariffavtale slik kommunestyret stilte krav om i vedtak 70/2017.

### **3.4 Rutinar for og gjennomføring av kontroll med løns- og arbeidstilhøve**

#### **3.4.1 Datagrunnlag**

Det går fram i intervju med byggherre at det ikkje finst rutinar for kontraktsoppfølging i kommunen, verken generelt eller når det gjeld løns- og arbeidstilhøve. Det er ikkje gjennomført overordna risikoanalyse eller risikovurdering knytt til kontraktsoppfølging i kommunen.

Kommunen har ikkje gjort stikkprøvar av kontraktane mellom Consto og underentreprenørar for å kontrollere om kontraktskrava kommunen set til totalentreprenøren er vidareført i kontraktane med underentreprenørane. Krav til underentreprenør er diskutert med Consto, og kommunen har fått ei munnleg stadfesting på at dei same krava som gjeld Consto som totalentreprenør òg inngår i kontraktane Consto har med sine underentreprenørar.

For det aktuelle byggeprosjektet skjer oppfølging av krava til løns- og arbeidstilhøve i hovudsak gjennom faste byggherremøte ein gong i månaden der representantar frå kommunen, rådgjevar frå Rambøll og totalentreprenøren møtast. I møta er HMS eit fast punkt på agendaen, der Consto si påsjåplikt også inngår som eit tema.

Dersom Consto har gjennomført kontrollar knytt til løns- og arbeidstilhøve sidan førre møte, blir det gitt informasjon om kva slags kontrollar som er gjennomført og eventuelle funn. Møta blir referatført. Kommunen opplyser at dei på bakgrunn av byggherremøta kjenner til at Consto har gjennomført to kontrollar med bakgrunn i påsjåplikta; éin i november/oktober i 2018 og éin rundt påske i 2019. Kommunen har fått ei munnleg orientering om kontrollane på byggherremøta. Consto har opplyst om at det ikkje er avdekt avvik gjennom desse kontrollane. Kommunen har ikkje gjennomført stikkprøver av arbeidstilhøva på bakgrunn av rapportane frå Consto.

Revisjonen har fått ettersendt dokumentasjon som viser at Consto ved utføring av påsjåplikta våren 2019 avdekte avvik hos ein underleverandør. Avviket var knytt til arbeidstidsbestemmingar. Consto opplyser i korrespondanse med revisjonen at dei er prosess med å lukke desse avvika.

Consto opplyser vidare at dei basert på funna i forvaltningsrevisjonen har bestemt at dei vil setje i verk kontroll av alle inngåtte kontraktar i prosjektet, for å vere heilt sikker på at det ikkje er fleire avvik.

Representant frå kommunen og frå Rambøll opplyser i intervju at det ikkje finst retningsliner for kor omfattande slike kontrollar skal vere. Det er såleis opp til byggherre å sjølv vurdere om dei kontrollane totalentreprenøren gjer er tilstrekkelege.

I tillegg til byggherremøta er representantar frå byggherre ofte til stades på byggeplassen. Ut frå kva kommunen har observert har dei ikkje sett nokon «raude flagg» knytt til løns- og arbeidstilhøve på byggeplassen. Dei har også inntrykk av at dette er noko dei ansvarlege frå totalentreprenøren på byggeplassen tek på alvor.

#### **3.4.2 Vurdering**

Gjennomgangen viser at kommunen ikkje har etablerte rutinar for kontraktsoppfølging, verken generelt eller for det aktuelle byggeprosjektet. Dette medfører etter revisjonen si vurdering risiko for at brot på kontraktar ikkje blir oppdaga, med tilhøyrande risikoar knytt til manglande eller mangelfulle leveransar, og

at lovbrøt hos leverandørar og underleverandørar ikkje blir oppdaga. Revisjonen meiner difor at kommunen bør etablere rutinar for kontraktsoppfølging, for slik å redusere dei nemnde risikoane.

Det går heller ikkje fram at kommunen har gjennomført nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaldt, jf. § 7 i forskrift om løns- og arbeidstilhøve i offentlege kontraktar. Revisjonen viser i den samanheng til dei ulike brota på regelverket som blir avdekt i kontrollen av løns- og arbeidstilhøve i seksjon 4.4. Revisjonen meiner difor at kommunen bryt med denne delen av regelverket, og slik ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp krava knytt til å motverke sosial dumping; dette aukar risikoen for at leverandørar har høve til å drive med sosial dumping. Revisjonen meiner difor at kommunen bør setje i verk naudsynte tiltak for å sikre at kontrollar av krava til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar blir gjennomført.

## 4. Kontroll av løns- og arbeidstilhøve til tilsette i byggeprosjektet

### 4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgende hovudproblemstilling med underproblemstillinger:

2. *Har tilsette i prosjektet arbeidstilhøve som er i samsvar med kontrakt og omfatta regelverk?*
  - a. *Har entreprenør i sine kontraktar med underentreprenørar teke inn naudsynte føresegn om tilsette sine løns- arbeidstilhøve?*
  - b. *Ligg det føre arbeidsavtale som er i samsvar med krav i arbeidsmiljøloven?*
  - c. *Er føresegner i arbeidsavtalen når det gjelde løn og andre tilhøve i samsvar med regelverk, inkludert føresegner i tariffavtalar?*
  - d. *Har den tilsette ein arbeidstid som er i samsvar med regelverket?*
  - e. *Har den tilsette fått utbetalt ein løn som er i samsvar med arbeidsavtalen og faktisk arbeidstid?*

### 4.2 Revisjonskriterium

Utgangspunktet for kontrollen av kontraktane mellom Consto og underentreprenørane er dei krav som går fram av kontrakten mellom kommunen og totalentreprenør Consto.

Dei tilsette sine løns- og arbeidstilhøve er vurdert opp mot føresegn i arbeidsmiljøloven, særlig kapittel 10 og 14, Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge, samt arbeidsavtalar for dei tilsette i utvalet og ev. lokale avtalar om avvikande arbeidstid hos underentreprenørane.

Sjå vedlegg 2 for fullstendige revisjonskriterium.

### 4.3 Krav til dei tilsette sine løns- og arbeidstilhøve i kontraktar med underentreprenørar

#### 4.3.1 Datagrunnlag

Vaksdal kommune har i kontrakten med totalentreprenør Consto stilt krav om at «entreprenøren skal ha samme forpliktelser avtafestet i alle avtaler som omfatter ansatte hos underentreprenører som direkte medvirker til å oppfylle denne kontrakten».

Ein gjennomgang av kontraktane mellom totalentreprenøren Consto og dei tre utvalde underentreprenørane viser at kontraktane inneheld følgande krav til løns- og arbeidstilhøve for dei tilsette:

Arbeidet som skal utføres under denne kontrakt er gjenstand for en allmenngjort tariffavtale etter allmenngjøringsloven. Det innebærer at samtlige arbeidstakere hos [navn på underentreprenør] skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjøringsforskriften 1121. Dette følger av allmenngjøringsloven §§ 11 og 12, jf. Forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsrett § 6.

Consto viser i kontraktane med underleverandørane til ei tidlegare utgåve av aktuell forskrift.<sup>2</sup> Denne blei oppheva i 2010. Gjeldane forskrift er Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge (FOR-2018-10-11-1684).

I samband med verifiseringa av rapporten, skriv Consto at:

Vi ser at henvisning i pkt. «Påseplikt, Allmenngjøringsloven og innsynsrett» i våre kontrakter med UE er utdatert og må fornyes. Dette skal vi ta opp internt i Consto Bergen slik at dette blir ivaretatt i nye kontrakter. Våre rutiner for å fange opp fremtidige endringer i denne forskrift må også vurderes på nytt.

---

<sup>2</sup> Consto viser til allmenngjøringsforskrift 1121 i kontraktane med underentreprenørane, dvs. Forskrift om allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge (FOR-2008-10-06-1121). Denne blei erstatta av FOR-2010-12-20-1763 i 2010, som sidan har blitt endra fleire gonger. Per september 2019 er det FOR-2018-10-11-1684 som er gjeldande forskrift på området.

Consto har i tillegg lagt inn eit krav i kontraktane om at ved bruk av «utenlandsk (ikke norsk statsborger) arbeidskraft på byggeplassen skal Allmenngjøringsloven følges for å unngå sosial dumping».

#### **4.3.2 Vurdering**

Undersøkinga viser at totalentreprenøren i dei tre kontrollerte kontraktane med underentreprenørar har stilt krav til at tilsette hos desse skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med allmenngjort tariffavtale jf. allmenngjøringsloven og aktuell forskrift for allmenngjering av tariffavtale. Dette er i samsvar med krava kommunen har stilt i sin kontrakt med totalentreprenøren. Det er ikkje stilt krav om tariffavtale slik Vaksdal kommunestyret har vedtatt. Som nemnt over peikar revisjonen på at det kravet ikkje er omfatta av kontrakten som Vaksdal kommune har inngått med totalentreprenør.

#### **4.4 Kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tilsette hos tre utvalde underentreprenørar**

Det er gjennomført kontroll av løns- og arbeidstilhøve for til saman ti tilsette hos tre underentreprenørar. Desse er omtala som underentreprenør 1, 2 og 3. Det er gjort kontroll av tre tilsette hos underentreprenør 1, fire tilsette hos underentreprenør 2 og tre tilsette hos underentreprenør 3. Kontrollperioden er mars og april 2019.

Under presenterer revisjonen ei oppsummering av dei avvik og observasjonar kontrollen har avdekka knytt til dei tilsette sine løns- og arbeidstilhøve for kvar av dei tre underentreprenørane. Underproblemstilling b og c er behandla under avsnitta om *arbeidsavtalar*, mens underproblemstilling d og e er behandla under avsnitta om høvesvis *arbeidstid* og *løn*.

Detaljerte funn og underentreprenørane sine kommentarar til desse er presentert i vedlegg 3.

##### **4.4.1 Datagrunnlag**

###### **Underentreprenør 1**

###### **Arbeidsavtalar**

Underentreprenør 1 har ikkje kunne legge fram arbeidsavtale for ein av dei tilsette i utvalet. Vedkommande er lærling og det blir opplyst i e-post til revisjonen at det finst ein avtale inngått mellom Opplæringskontoret i Hordaland og fagansvarlig i bedrifta, men at dei ikkje har klart å skaffe ein kopi av denne for revisjonen.

###### **Arbeidstid**

Kontrollen viser enkelte brot på føresegna som gjeld arbeidstid per dag og kviletid etter aml. § 10-6 og § 10-8.

###### **Løn**

Det er ikkje avdekt vesentlege avvik knytt til utbetaling av dei tilsette si løn.

###### **Underentreprenør 2**

###### **Arbeidsavtalar**

Kontrollen viser at arbeidsavtalen til ein av dei tilsette i utvalet er datert med varighet frå 01.10.2017 til 01.01.2018, noko som indikerer at den tilsette no arbeider utan gyldig arbeidsavtale. Ifølge underentreprenøren er dette ein glipp då den perioden som er oppgitt i avtalen er den tilsette si prøvetid. Gjeldande kontrakt er ikkje dokumentert ovanfor revisjonen.

###### **Arbeidstid**

Kontrollen viser at underentreprenøren ikkje har gyldig avtale for den arbeidstidsordninga som underentreprenøren har innført for sine tilsette. Entreprenøren bekreftar i e-post til revisjonen at det blir praktisert ei arbeidstidsordning med gjennomsnittsberekning (seks veker på, to veker av), utan at det finns skriftleg avtale med dei tilsette om dette.

Kontrollen viser fleire og gjentakande brot på føresegn om arbeidstid. Det er avdekka at tilsette i fleire veker har hatt ei arbeidstid som overstig 65 timer per veke. Det er også identifisert brot på arbeidsmiljøloven sine føresegn om kviletid. Det er avdekka tilfelle kor dei tilsette har arbeidd alle dagar i veka,

inkludert laurdag og søndag, utan at det er kviledag imellom. Fleire av dei tilsette har også eit høgare tal overtidstimar enn det som er lov å arbeide over ein periode på fire veker.

### **Løn**

Kontrollen viser fleire avvik frå føresegn i arbeidsmiljølova om utbetaling av overtidstillegg. Underentreprenøren skriv i tilbakemelding til revisjonen at dei har ei ordning med timebank, men denne timebankordninga er ikkje i samsvar med dei føresegna som er nedfelt i dei tilsette sine arbeidsavtaler, eller dokumentert på anna måte gjennom dokumentasjon revisjonen har motteke frå underentreprenøren.

### **Underentreprenør 3**

#### **Arbeidsavtaler**

Kontrollen viser at arbeidsavtalane til dei tilsette i utvalet ikkje inneheld informasjon om lengde på pausar, noko som er eit av minimumskrava til innhald i arbeidsavtaler jf. aml. § 14-6.

#### **Arbeidstid**

Timelistene til dei tilsette inneheld ikkje informasjon om klokkeslett for arbeidstida, og det har difor ikkje vore mogleg å kontrollere om krav til kviletid er overheldt.

### **Løn**

Kontrollen viser at tilsette ikkje har fått utbetalt overtid for arbeid utover den ordinære arbeidstida fastset i lokal skriftleg avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstida.

Pausar går ikkje fram av timelistene, og det har difor ikkje vore mogleg å kontrollere om dei tilsette har fått betalt pause når dei har krav på det jf. aml. §10-9.

#### **4.4.2 Vurdering**

Kontrollen av eit tilfeldig utval tilsette hos tre tilfeldig utvalde underentreprenørar totalentreprenøren nyttar for å gjere arbeid på byggeprosjektet avdekkar fleire brot på krava om løns- og arbeidstilhøve. Det er avdekka brot på alle dei tre kontrollerte områda (arbeidsavtalar, arbeidstid og løn). Det er ikkje funne brot på krava til minste timeløn, jf. forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge.

Revisjonen vil vidare understreke at fleire av brota mot føresegna om arbeidstid er vesentlege, og ville vore brot med arbeidsmiljølova sjølv om underentreprenørane hadde inngått avtalar om avvikande arbeidstidsordningar i samsvar med den maksimale grensa for ordinær arbeidstid og overtidsarbeid som lovverket gjer det mogleg å inngå avtale om.

Revisjonen vil peike på at kontrollen ville avdekt fleire brot dersom ein la til grunn aktuell tariffavtale (Fellesoverenskomsten for byggfag 2018-2020), slik kommunestyret vedtok at skulle gjelde for både entreprenør og underentreprenørar.

## 5. Konklusjon og tilrådingar

I denne forvaltningsrevisjonen har Deloitte undersøke om tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule har arbeidstilhøve som er i samsvar med gjeldande regelverk.

Undersøkinga viser at Vaksdal kommune i kontrakt med totalentreprenør har stilt krav om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med forskrift om allmenngjering av tariffavtale for områder med slik forskrift. Gjennom *forskrift om delvis allmenngjering av tariffavtale for byggeplasser i Norge*, føreligg det allmenngjort tariffavtale for bransjeområda i byggeprosjektet som regulerer krav til minstelønn.

Krava som kommunen har stilt i kontrakten med totalentreprenøren er i samsvar med forskrift om arbeidstilhøve i offentlege kontraktar § 5. Kontraktkrava er likevel ikkje i samsvar med kommunestyrevedtaket om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha *tariffavtale*. Den aktuelle forskrifta er berre ein delvis allmenngjering av tariffavtalen *Fellesoverenskomsten for byggfag 2018-2020*, og gjev slik ikkje dei tilsette som arbeider på byggeprosjektet alle rettane som inngår i tariffavtalen, slik kommunestyret har stilt krav om.

Kommunen har ikkje rutinar for kontraktsoppfølging, verken generelt eller for det aktuelle byggeprosjektet, og det er slik risiko for at brot på kontraktar ikkje blir oppdaga. Kommunen har heller ikkje gjennomført nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaldt i det aktuelle byggeprosjektet, jf. § 7 i forskrift om løns- og arbeidstilhøve i offentlege kontraktar. Kommunen bryt slik med denne delen av regelverket, og følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp krava knytt til å motverke sosial dumping.

Totalentreprenøren har i dei tre kontrollerte kontraktane med underentreprenørar stilt krav til at tilsette hos desse skal ha løns- og arbeidstilhøve i samsvar med allmenngjort tariffavtale jf. allmenngjøringsloven og aktuell forskrift for allmenngjering av tariffavtale. Dette er i samsvar med kontraktskrava kommunen har stilt til totalentreprenøren, men ikkje med kravet om at tilsette som jobbar på byggeprosjektet skal ha tariffavtale, slik Vaksdal kommunestyret har vedtatt.

Stikkprøvekontrollen avdekte fleire brot på krava om løns- og arbeidstilhøve for tilsette hos underleverandørar som jobbar på byggeprosjektet. Det blei avdekt brot på alle dei tre kontrollerte områda (arbeidsavtalar, arbeidstid og løn). Det blei ikkje funne brot på krava til minste timeløn, jf. forskrift om delvis allmenngjering av tariffavtale for byggeplasser i Norge. Fleire av brota knytt til arbeidstid er vesentlege, og kontrollen ville avdekt fleire brot dersom ein la til grunn aktuell tariffavtale, jf. kommunestyrevedtak 70/2017.

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen at Vaksdal kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Etablere rutinar for kontraktsoppfølging
2. Gjennomføre tilstrekkelege kontrollar av krava til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar
3. Sikre at kommunestyrevedtak blir følgt opp

# Vedlegg 1: Høyringsuttale

## Høyringsuttale forvaltningsrevisjon i Vaksdal kommune

Tilhøva for tilsette som utfører arbeid på nye Dale barne- og ungdomsskule

Kommunen ser alvorlig på funna i rapporten og at dette ikkje er oppdaga i oppfylginga av entrepenør.

Kommunen har begrensa erfaring med byggeprosjekt og har aldri tidlegare vore byggherre for eit så stort byggeprosjekt. Byte av prosjektleiar undervegs i prosjektet pga ny jobb var krevande. Ny prosjektleiar har også hatt andre oppgåver i kommunen i denne perioden.

For å ivareta eit så stort byggeprosjekt henta kommunen inn ein erfaren byggherrerådgjevar frå Rambøll som støtte i byggherrerollen. Han har hatt tett oppfølging av Consto gjennom månedlege byggemøter og gjennom fortløpande oppfølging på staden i sjølve byggefasen. Denne kompetansen har vore viktig for kommunen i eit så stort prosjekt med store krav til framdrift og økonomi.

Rådgjevar har gitt følgjende tilbakemelding «*Det er etablert rutiner for oppfølging gjennom faste kontraktsmøter med Consto der alle deler av prosjektet blir omhandlet, også oppfølging av «påse plikten» i forhold til lønns og arbeidsvilkår. Vi har fått rapportert fra Consto når og hvilke kontroller de har gjennomført hos sine UE-er, de har ikke meldt om avvik. I ettertid ser ein at det burde vore gjennomført».*

Kommunen er i oppstart med eit større arbeid for innkjøp og prosjekt basert på «Oslo-modellen» der det skal etablerast rutiner som betre ivaretar kommunen sitt ansvar. Evaluering av arbeidet med prosjektleiing og prosjektstyring generelt, herunder krav til kompetanse og tilstrekkeleg tid til planlegging og gjennomføring, vil vera sentralt i etterkant av dette prosjektet.

# Vedlegg 2: Revisjonskriterium

## Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar

Alle anskaffingar i offentlig regi er plikta til å leggje til grunn ein klausul i kontrakten som skal sikre at arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår ikkje vil pressast i ein konkurranseutsett marknad. Bakgrunnen kjem av ratifiseringa av ILO-konvensjon nr. 94 av 1949. I 2005 vart det innført eit krav om at teneste- og bygg- og anleggskontraktar inngått av statlege myndigheiter skulle innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår for oppdragstakars tilsette. Som ein del av den dåverande regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping, vart konvensjonen gjort gjeldande for kommunar, fylkeskommunar og offentlegrettsleg organ frå 2008 gjennom forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar. Denne slår fast at oppdragsgjevar skal stille kontraktmessige krav om at tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontraktar, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med allmenngjort tariffavtale, eller en landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje (jf. § 5). Oppdragsgjevar skal også gjennomføre nødvendige kontrollar av om krava til løns- og arbeidsvilkår blir overhaldt (jf. § 7).

## Forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsrett

Forskrifta gjeld der det blir utført arbeid innafor virkeområda til ein allmenngjøringsforskrift, jf. allmenngjøringsloven § 3, som til dømes Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge.

Forskrifta om informasjons- og påseplikt og innsynsrett § 5 pålegg bestiller av oppdrag frå entreprenørar og leverandørar ei informasjonsplikt ovanfor sine kontraktspartar. Det går fram av § 5 at «bestiller skal i kontrakter med entreprenører eller leverandører informere om at virksomhetenes arbeidstakere minst skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjøringsforskrifter. Den samme informasjonsplikten gjelder for entreprenører eller leverandører når disse inngår avtaler med underleverandører.»

Vidare går det fram av forskrifta § 6 at hovudleverandør skal «påse at lønns- og arbeidsvilkår hos virksomhetens underleverandører er i overensstemmelse med gjeldende allmenngjøringsforskrifter». Denne påseplikta innebærer at «det skal iverksettes systemer og rutiner for å undersøke og om nødvendig følge opp at allmenngjøringsforskrifter etterleves. Påseplikten kan oppfylles for eksempel ved at det tas inn kontraktsklausuler om at arbeidstakere minst skal ha de lønns- og arbeidsvilkår som følger av allmenngjøringsforskrifter, og at dette følges opp gjennom innhenting av dokumentasjon på arbeidstakeres lønns- og arbeidsvilkår».

## Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge

Det går fram av § 2 at forskrifta gjeld for faglærte og ufaglærte arbeidstakarar som utfører bygningsarbeid på byggeplassar. Forskrifta gjeld ikkje for lærlingar.

Forskrifta § 4 regulerer løn til arbeidstakarar som utfører bygningsarbeid på byggeplassar. For kontrollperioden mars og april 2019 gjaldt følgande minstesatsar for timeløn:

a) For fagarbeider:	kr 203,80
b) For ufaglærte uten bransjeerfaring:	kr 183,10
For ufaglærte med minst ett års bransjeerfaring:	kr 191,00
c) For arbeidstakere under 18 år:	kr 122,90

## Arbeidsmiljøloven

Aml. § 10-4 (1) regulerer alminneleg arbeidstid, som ikkje må «overstige ni timer i løpet av 24 timer og 40 timer i løpet av sju dager».

Aml. § 10-6 regulerer overtidsarbeid. Av Aml. § 10-6 går det fram at dersom arbeidet varer «ut over lovens grense for den alminnelige arbeidstid regnes det overskytende som overtidsarbeid». Aml. § 10-6 (4) slår



fast at overtida ikkje skal overstige ti timar i løpet av sju dagar, 25 timar i fire samanhengande veker, eller 200 timar i løpet av 52 veker.

Den samla arbeidstida må i samsvar med aml. § 10-6 (8) ikkje overstige 13 timar i løpet av 24 timar eller 48 timar i løpet av sju dagar.

Det er anledning til å inngå skriftleg avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstida i etter aml. § 10-5. Aml. § 10-5 (1) opnar for gjennomsnittsberekning av arbeidstida slik at ho ikkje overstig krava i aml. § 10-4 over ein periode på 54 veker. Grensa på 48 timar per veke kan etter denne paragrafen gjennomsnittsbereknes over ein periode på åtte veker, og arbeidstida kan ikkje overstige 50 timar per veke i nokon veke. Det er ikkje høve til å inngå avtale om gjennomsnittsberekning jf. § 10-5 (1) med midlertidleg tilsette.

Verksemder som er bundne av tariffavtale kan inngå skriftleg avtale om gjennomsnittsberekning jf. aml. § 10-5 (2) og (3). Aml. § 10-5 (2) opnar for gjennomsnittsberekning av arbeidstida slik at ho ikkje overstig krava i aml. § 10-4 over ein periode på 54 veker. Vidare kan den alminnelege arbeidstida ikkje overstige 12,5 timar i løpet av 24 timar og 48 timar i løpet av sju dagar. «Grensen på 48 timer i løpet av sju dagar kan gjennomsnittsbereknes over en periode på åtte uker, likevel slik at den alminnelige arbeidstiden ikke overstiger 54 timer i noen enkelt uke.»

Aml. § 10-5 (3) gjer det mogleg å inngå skriftleg avtale om at den alminnelege arbeidstida i løpet av ein periode på «høyst 26 uker i gjennomsnitt ikke blir lenger enn foreskrevet i § 10-4, men slik at den samlede arbeidstiden ikke overstiger 13 timer i løpet av 24 timer og 48 timer i løpet av sju dager.» Grensa på 48 timar kan gjennomsnittsbereknes over ein periode på åtte veker. Ei slik arbeidstidsordning krevjar godkjenning frå Arbeidstilsynet.

Aml. § 10-8 (1) og (2) omhandlar kviletid, og set krav til 11 timar samanhengande arbeidsfri i løpet av 24 timar, og 35 timar samanhengande arbeidsfri i løpet av sju dagar.

Aml. § 10-9 regulerer pausar. Arbeidstakarar har krav på minst ein pause dersom den daglege arbeidstida er lengre enn fem og ein halv time, og pausane skal til saman vere minst ein halv time dersom arbeidstida er åtte timar eller meir. Vidare går det fram av aml. § 10-9 (1) at «dersom arbeidstaker ikke fritt kan forlate arbeidsplassen under pausen eller der det ikke finnes tilfredsstillende pauserom, skal pausen regnes som en del av arbeidstiden».

Aml § 10-9 (2) viser til at dersom arbeidstakar arbeider meir enn to timer etter alminneleg arbeidstid har arbeidstakar krav på ein pause på minst ein halv time. Pausen blir rekna som ein del av arbeidstida, og skal godtgjerast som overtidsarbeid dersom pausen er etter alminneleg arbeidstid. Pausen skal likevel ikkje bli rekna «med i det antall timer det er tillatt å arbeide overtid etter § 10-6».

I samsvar med aml. § 10-10 skal det vere «arbeidsfri fra kl. 1800 dagen før en søn- eller helgedag og til kl. 2200 dagen før neste virkedag. Jul-, påske- og pinseften skal det være arbeidsfri fra kl. 1500 til kl. 2200 dagen før neste virkedag. Arbeid innenfor disse tidsrom regnes som søn- og helgedagsarbeid»

Nattarbeid blir rekna i samsvar med aml. § 10-11 som arbeid mellom kl. 21.00 og 06.00. Det går fram av aml. § 10-11 (1) at «Arbeidsgiver og arbeidstakers tillitsvalgte ved virksomhet som er bundet av tariffavtale, kan skriftlig fastsette et annet tidsrom på minst åtte timer som omfatter tiden mellom kl. 0000 og kl. 0600».

Krav til skriftleg arbeidsavtale går fram av aml. § 14-5. Aml. § 14-6 (1) set minimumskrav til innhaldet i den skriftlege arbeidsavtalen:

- a) partenes identitet,
- b) arbeidsplassen. Dersom det ikke eksisterer noen fast arbeidsplass eller hovedarbeidsplass skal arbeidsavtalen gi opplysning om at arbeidstakeren arbeider på forskjellige steder, og oppgi forretningsadressen eller eventuelt hjemstedet til arbeidsgiver,
- c) en beskrivelse av arbeidet eller arbeidstakerens tittel, stilling eller arbeidskategori,
- d) tidspunktet for arbeidsforholdets begynnelse,

- e) forventet varighet dersom arbeidsforholdet er midlertidig, samt grunnlaget for ansettelsen, jf. § 14-9,
- f) eventuelle prøvetidsbestemmelser, jf. § 15-3 sjuende ledd og § 15-6,
- g) arbeidstakerens rett til ferie og feriepenger og reglene for fastsettelse av ferietidspunktet,
- h) arbeidstakerens og arbeidsgiverens oppsigelsesfrister,
- i) den gjeldende eller avtalte lønn ved arbeidsforholdets begynnelse, eventuelle tillegg og andre godtgjøringer som ikke inngår i lønnen, for eksempel pensjonsinnbetalinger og kost- eller nattgodtgjørelse, utbetalingsmåte og tidspunkt for lønnsutbetaling,
- j) lengde og plassering av den daglige og ukentlige arbeidstid. Dersom arbeidet skal utføres periodevis, skal arbeidsavtalen fastsette eller gi grunnlag for å beregne når arbeidet skal utføres.
- k) lengde av pauser,
- l) avtale om særlig arbeidstidsordning, jf. § 10-2 andre, tredje og fjerde ledd,
- m) opplysninger om eventuelle tariffavtaler som regulerer arbeidsforholdet. Dersom avtale er inngått av parter utenfor virksomheten skal arbeidsavtalen inneholde opplysninger om hvem tariffpartene er.

# Vedlegg 3: Detaljerte funn frå kontroll av løns- og arbeidstilhøve

## Underentreprenør 1

Det er gjennomført kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tre tilsette hos underentreprenør 1, for perioden mars og april 2019.

### Arbeidsavtalar

Underentreprenør 1 har ikkje kunne legge fram arbeidsavtale for ein av dei tilsette i utvalet, og revisjonen har difor ikkje kunne gjere kontroll av den tilsette sin arbeidsavtale. Vedkommande er lærling og det blir opplyst i e-post til revisjonen at arbeidsavtalen er inngått mellom Opplæringskontoret i Hordaland og fagansvarlig i bedrifta. Underentreprenøren har i verifiseringa av rapporten ettersendt ei endringsmelding som stadfester at den tilsette lærlingen har endra lærekontrakten frå bergverksfaget til anleggsmaskinførerfaget, og denne er signert av lærlingen sjølv, representantar frå underentreprenør 1 og Opplæringskontoret Hordaland.

For dei to andre tilsette i utvalet er det ikkje funne avvik frå minimumskrava til innhald i arbeidsavtaler jf. aml. § 14-6.

### Arbeidstid

Underentreprenør 1 opplyser i e-post til revisjonen at dei ikkje har nokon lokale avtalar om eigne arbeidstidsordningar, og krava i arbeidsmiljøloven er difor lagt til grunn.

Ein av dei tilsette i utvalet er tilsett med fastløn og fører ikkje timeliste. Revisjonen har difor ikkje kunne gjere kontroll av den tilsette si arbeidstid.

For dei to andre tilsette i utvalet viser kontrollen følgende avvik:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Brot på samla arbeidstid per dag (meir enn 13 timar).  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• 15 timar 15.04</li><li>• 14,5 timar 14.03</li></ul> Tilsett 2: <ul style="list-style-type: none"><li>• 13,5 timar 09.04</li></ul>	Aml. §10-6 (8)	<i>14.03 tilsett 1: Arbeid i annan by heile dagen, tidkrevjande køyring frå og til, kø pga. ulykke når han skulle heimatt. Måtte køyre ein annan veg heim. 15.04 tilsett 1: Pga. punktering på dumper måtte tilsett 1 hjelpe til på eit anna prosjekt etter lunsj. Dette prosjektet ligg eit stykke unna og køyring til og frå er tidkrevjande. Sidan dumperen stod farlig til, var dette noko som ikkje kunne vente. 09.04 tilsett 2: Gravde ut i ein veg og kopla til ov. For at ikkje vegen skulle bli stengt for lenge vart det seint den 09.04 og tidlig for å rydde i vegen den 10.04.</i>
Avvik	Brot på samla arbeidstid per veke (meir enn 48 timar) og overtidarbeid per veke (10 timar):  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• 50.14 timar i veke 12</li></ul>	Aml. §10-6 (8); Aml. §10-6 (4)	<i>Arbeid i annan by man-tors, køyretid til og frå man-tors, mykje køkøyring som er vanskelig å forutsjå. Det har vist seg utfordrande å planlegge langkøyring enkelte veker.</i>
Avvik	Brot på kviletid (11 timar mellom to arbeidsperiodar):  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• 10,5 timer kvile mellom 21.03 og 22.03</li><li>• 9,5 timar kvile mellom 15.04 og 16.04</li></ul>	Aml. § 10-8 (1)	<i>21.03 tilsett 1: Hasteoppdrag på kvelden gjorde at tilsett 1 fekk eit maskinflytt på kvelden, starta til planlagt arbeid 22.03. 15.04 tilsett 1: Pga. punktering på dumper måtte tilsett 1 hjelpe til på eit anna prosjekt etter lunsj. Dette prosjektet ligg eit stykke unna og køyring til og frå er tidkrevjande.</i>

	Tilsett 2: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 10 timar kvile mellom 09.04 og 10.04</li> </ul>		09.04 tilsett 2: Gravde ut i ein veg og kobla til ov. For at ikkje vegen skulle bli stengt for lenge vart det seint den 09.04 og tildig for å rydde i vegen den 10.04.
--	--	--	--

## Løn

Det er ikkje funne avvik mellom sum til utbetaling som går fram av lønsslipp og korresponderande banktransaksjon for dei tilsette i utvalet.

Ein av dei tilsette i utvalet får fastløn og fører ikkje timeliste. Revisjonen har difor ikkje kunne gjere kontroll av overtidstillegg og kviletid mm. for den tilsette. Tilsett på timeløn har løn i samsvar med minstekrava i Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge.

Kontrollen viser følgande observasjonar og avvik for dei to andre tilsette:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Den tilsette har ikkje fått betalt pause når arbeidstida har overstige 10 timar per dag:  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har ikkje fått 0,5 timar betalt pause 15.04.</li> </ul>	Aml. § 10-9.	<i>Dette er ein glipp, det var tidkrevande og vanskelig å snappe opp slikt i det gamle timeregistrerings-systemet vårt. Me har frå mai 2019 begynt med eit nytt system der all overtid, pauser og tillegg mykje enklare blir registrert. Dette er eit system i sanntid sånn at me har mykje bedre oversikt over timetal osv. ingen etterregistrering av timar.</i>
Observasjon	Det er ikkje samsvar mellom talet timar på timeliste og korresponderande lønsslipp:  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 186,08 timar på timeliste for mars. Har fått utbetalt 190,21 timar.</li> <li>• 177,69 timar på timeliste for april. Har fått utbetalt 167,74 timar.</li> </ul> Tilsett 2: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 168 timar på timeliste for april. Har fått utbetalt 160,5 timar.</li> </ul>		<i>Lønna blir ikkje kjørt for heile mnd, ofte er det overtidstimar frå siste veka som blir ført på neste mnd. Om den 1 ligg midt i veka, blir dei overtidstimane dei evt har siste veka utbetalt på neste lønn. Det vil sei at alle timane i april kom ikkje med på april lønna, 30 april er ikkje med i berekningen. Og overtidstimar i siste veka februar er betalt ut på lønna i mars.</i>

## Andre kommentarar frå leverandøren

*«Me har som nevnt over bytta timeregistreringssystem som ivaretar lønn, timar og overtid mykje betre. Då får me fortløpande registrerte timar i staden for etterregistrering.*

*Enkelte veker og prosjekt er utfordrande i forhold til timar, spesielt om reise til og frå er tidkrevande, men dette er mykje enklare å ha kontroll på no med den nye timeregistreringa.»*

## Underentreprenør 2

Det er gjennomført kontroll av løns- og arbeidstilhøve for fire tilsette hos underentreprenør 2, for perioden mars og april 2019.

## Arbeidsavtalar

For dei tilsette i utvalet er det ikkje funne avvik frå minimumskrava til innhald i arbeidsavtaler jf. aml. § 14-6.

Kontrollen viser følgande avvik:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Den tilsette har ikkje gyldig arbeidsavtale:  Det går fram av tilsett 1 sin arbeidsavtale at han er tilsett frå 01.10.2017 til 01.01.2018.	Aml. § 14-5	<i>Dette er pga prøvetid. Her er det bare en glipp. Han er fast ansatt.</i>

## Arbeidstid

Ein av dei tilsette i utvalet er tilsett med fastløn og jobbar 37,5 timar i veka. Det går fram av kontraktane til dei andre tre tilsette i utvalet at arbeidstida per veke er 37,5 time, og at dei har ei arbeidstidsordning med seks veker på, og tre veker av. Underentreprenør 2 opplyser i e-post til revisjonen at dei praktiserer gjennomsnittsberekning av arbeidstida over åtte veker (seks veker på og to veker av). Det finns ikkje nokon skriftleg avtale mellom arbeidsgjevar og dei tilsette om ei arbeidstidsordning med gjennomsnittsberekning, slik det er krav om etter aml. § 10-5.

Underentreprenør 2 opplyser at dei ikkje er ei tariffbunden bedrift. Dei har såleis ikkje høve til å nytte føresegna knytt til gjennomsnittsberekning etter aml. § 10-5 (2) og (3). Dei einaste føresegna dei då kan nytte for gjennomsnittsberekning er aml. § 10-5 (1) som gir åtgang til å inngå skriftleg avtale om gjennomsnittsberekning for fast tilsette, noko bedrifta per i dag ikkje har.

Ettersom det ikkje finns skriftleg avtale om gjennomsnittsberekning, er dei ordinære krava til arbeidstid slik dei går fram av aml. kapitel 10 lagt til grunn for kontrollen.

Kontrollen viser følgende avvik:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Brot på samla arbeidstid per veke (meir enn 48 timar) og overtidsarbeid per veke (10 timar):  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 52,5 timar i veke 10</li> <li>• 62 timar i veke 11</li> <li>• 58 timar i veke 12</li> <li>• 61,5 timar i veke 13</li> <li>• 63 timar i veke 14</li> <li>• 73,5 timar i veke 15</li> </ul> Tilsett 2: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 63 timar i veke 13</li> <li>• 63,5 timar i veke 14</li> </ul> Tilsett 3: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 61,5 timar i veke 11</li> <li>• 66,5 timar i veke 12</li> <li>• 62,5 timar i veke 13</li> <li>• 64,5 timar i veke 14</li> <li>• 66 timar i veke 15</li> </ul>	Aml. §10-6 (8); Aml. §10-6 (4)	<i>Vi har en avtale med arbeiderne at vi gjennomsnittsberegner arbeidstimer.  Våre arbeidere har skiftordning 6 uker på 2 uker av.  Vi er midt i prosessen om å søke Arbeidstilsynet om utvida arbeidstid. Vi ble oppmerksom på høye timeføringer i uke 15 og da tok vi umiddelbart møte med tillitsvalgt der vi ble enige om å søke Arbeidstilsynet  Vi har 3 arbeidere som sluttet i 2018 pga. de fikk ikkje arbeide etter eget ønske og følte da at de fikk for lite timer pr. mnd.</i>
Avvik	Brot på samla overtidsarbeid over fire veker (25 timar i fire samanhengande veker):  Tilsett 1: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 96 timar overtid i veke 12-15</li> </ul> Tilsett 3: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 99,9 timar overtid i veke 12-15</li> </ul>	Aml. §10-6 (4)	<i>Har hatt møter i uke 15 med tillitsvalgt om høye timeføringer. Og gitt beskjed om at overtid ikke skal forekomme.  Leverandøren opplyser at totalentreprenøren her har bedt dei tilsette om å arbeide. Dette blir tilbakevist av totalentreprenøren, som òg viser til kontrakten der det går fram at leverandøren sjølv er ansvarleg for at alle dei tilsette held seg innanfor bestemmingane som gjeld for arbeidstid i arbeidsmiljøloven.</i>

Avvik	Brot på samanhengande kviletid over sju dagar (35 timar i løpet av sju dagar):  Tilsett 1: • Har jobba alle dagar i veke 15  Tilsett 3: • Har jobba alle dagar i veke 15	Aml. § 10-8 (2)	Har hatt møter i uke 15 med tillitsvalgt om høye timeføringer. Og gitt beskjed om at dette ikke skal forekomme.
Avvik	Ordninga med seks veker på og tre veker av, jf. dei tilsette sine kontraktar, er ikkje følgt:  Tilsett 2: • Har ikkje hatt tre veker samanhengande fri i kontrollperioden (veke 9-18).	Arbeidsavtale	Tilsett 2 hadde et ønske om å arbeide inn 2 uker for å få lengre avspasering i sommar.

## Løn

Det er ikkje funne avvik mellom sum til utbetaling som går fram av lønsslipp og korresponderande banktransaksjonar for dei tilsette i utvalet. Ein av dei tilsette i utvalet er tilsett med fastløn. Dei andre tre tilsette har timeløn i samsvar med minstekrava i Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge.

Kontrollen viser at fleire av dei tilsette både jobbar overtid og på tidspunkt på døgnet kor dei har rett til tillegg. Underentreprenør 2 opplyser i verifisering av funna at dei har innført timebank og at opparbeidde timar blir betalt i avspaseringstida, men dette går ikkje fram av dei tilsette sine arbeidsavtalar eller annan dokumentasjon revisjonen har motteke.

Kontrollen viser følgande avvik:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Dei tilsette har ikkje fått overtidsbetalt for arbeid utover 9 timar per dag og 40 timar per veke:  Tilsett 1: • Gjelder for store delar av kontrollperioden  Tilsett 2: • Gjelder for store delar av kontrollperioden  Tilsett 3: • Gjelder for store delar av kontrollperioden	Aml. § 10-6 (2) og (11)	Vi har innført timebank og opparbeidet timer skal betales i avspaseringstiden.
Avvik	Dei tilsette har ikkje fått betalt pause når arbeidstida har overstige 10 timar per dag:  Tilsett 1: • Har i kontrollperioden ikkje fått 0,5 timar betalt pause når arbeidstida overstig ti timar per dag, og den tilsette på timelistene har registrert 1 time pause i løpet av dagen (som er trekt frå betalt arbeidstid).  Tilsett 2: • Har i kontrollperioden ikkje fått 0,5 timar betalt pause når arbeidstida overstig ti timar per dag, og den tilsette på timelistene har registrert 1 time pause i løpet av dagen (som er trekt frå betalt arbeidstid).  Tilsett 3: • Har i kontrollperioden ikkje fått 0,5 timar betalt pause når arbeidstida overstig ti timar per dag, og den	Aml. § 10-9	Vi avlønner i hht førte timer fra arbeiderne, og om de har glemt å føre dette så har ikke våre rutiner fanget opp dette.

	tilsette på timelistene har registrert 1 time pause i løpet av dagen (som er trekt frå betalt arbeidstid).		
--	--	--	--

### Underentreprenør 3

Det er gjennomført kontroll av løns- og arbeidstilhøve for tre tilsette hos underentreprenør 3, for perioden mars og april 2019.

#### Arbeidsavtaler

Kontrollen viser følgende observasjon og avvik:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	Arbeidsavtalane til dei tilsette i utvalet inneheld ikkje informasjon om lengde på pausar, slik det er eit krav om jf. minimumskrava til innhald i arbeidsavtaler: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsett 1</li> <li>• Tilsett 2</li> <li>• Tilsett 3</li> </ul>	Aml. § 14-6 (k)	<i>Vi har arb.tid frå 0700-1500 med 1 halv times spisepause. Vi skal oppdatere de gamle kontraktene med nye hvor dette er spesifisert.</i>
Observasjon	Det går ikkje fram av arbeidsavtalane til tilsett 2 og tilsett 3 at bedrifta har ein avtale om avvikande arbeidstidsordning. Arbeidsavtalane er inngått før den gjeldande arbeidstidsordninga blei etablert (2012), utan at dei er oppdatert etter at avtalen blei inngått.		Leverandøren har ikkje gitt nokon kommentar til denne observasjonen.

#### Arbeidstid

Underentreprenør 3 har inngått ein avtale om gjennomsnittsberekening med representant for arbeidstakarane, datert 24.04.2012. Det går fram av avtalen at den totale arbeidstida ikkje skal overskride 1950 timar per år, noko som tilseier eit gjennomsnitt på 37,5 timar i veka. Vidare seier avtalen at den «alminnelige arbeidstiden skal ordnes slik at den samlede arbeidstiden i ordningen ikke overstiger mer enn 10 timar i løpet av 24 timar eller 54 timar i løpet av 7 dagar». Avtalen er inngått med referanse til aml. §10-5 (2), kor det er presisert at arbeidstid per veke skal gjennomsnittsbereknes slik at ho ikkje overskrider i gjennomsnitt 48 timar per veke over ein periode på åtte veker, og at arbeidstida ikkje kan overskride 54 timar i ei enkelt veke.

Det er ikkje avdekket brot på denne arbeidstidsordninga blant dei tilsette i utvalet for kontrollperioden.

Kontrollen viser følgende observasjon:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Observasjon	Timelistene til dei tilsette inneheld ikkje informasjon om klokkeslett for arbeidstida, og det har difor ikkje vore mogleg å kontrollere om krav til kviletid er overheldt.		Leverandøren har ikkje gitt nokon kommentar til denne observasjonen.

#### Løn

Dei tre tilsette i utvalet har timeløn i samsvar med minstekrava i Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge. Det er ikkje funne avvik mellom sum til utbetaling som går fram av lønsslipp og korresponderande banktransaksjon.

Kontrollen viser følgende avvik og observasjonar:

Klassifisering	Funn	Brot på	Kommentar frå leverandør
Avvik	<p>Dei tilsette har ikkje fått utbetalt overtid for arbeid utover den ordinære arbeidstida fastset i lokal avtale om gjennomsnittsberekning.</p> <p>Ikkje fått utbetalt overtid per dag (meir enn 10 timar):</p> <p>Tilsett 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 11 timar 05.03</li> </ul> <p>Tilsett 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 11 timar 14.03</li> <li>• 10,5 timar 12.04</li> </ul> <p>Ikkje fått overtid per veke (inntil 54 timar):</p> <p>Tilsett 2:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 55 timar i veke 14</li> </ul> <p>Tilsett 3:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 55 timar i veke 14</li> </ul>	Aml. § 10-6; Lokal avtale om gjennomsnittsberekning av arbeidstid, datert 24.04.2012	<i>Vi gjennomgår timelister på nytt og vil utbetale overtid dersom dette mangler.</i>
Observasjon	Pausar går ikkje fram av timelistene, og det har difor ikkje vore mogleg å kontrollere om dei tilsette har fått betalt pause når dei har krav på det jf. aml. §10-9.		Leverandøren har ikkje gitt nokon kommentar til denne observasjonen.
Observasjon	Ifølge den lokale avtalen om gjennomsnittsberekning av arbeidstida skal «pluss-timer med tilhørende lønn ut over ordinær arbeidstid på 37,5 timer per uke (...) gå inn i en timekonto for senere avspasering time for time». Desse timane skal bli angitt som eigen lønsart ved innrapportering av arbeidstida, og saldo for innarbeidde timar skal gå fram av lønsslippen. Kontrollen av timelistene og lønsslippene til dei tilsette i utvalet viser at det ikkje er nokon eigen lønsart for desse plusstimane, eller ein saldo for plusstimar på lønsslippene.		Leverandøren har ikkje gitt nokon kommentar til denne observasjonen.



# Vedlegg 4: Sentrale dokument og litteratur

## Lov og forskrift

- Arbeids- og sosialdepartementet: Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven). LOV-2005-06-17-62
- Arbeids- og sosialdepartementet: Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for byggeplasser i Norge. FOR-2018-10-11-1684
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). LOV-2018-06-22-83
- Arbeids- og sosialdepartementet: Forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsrett. FOR-2008-02-22-166
- Arbeids- og sosialdepartementet: Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter. FOR-2018-04-04-533

## Dokument frå kommunen

- Vaksdal kommune. Avtaledokument mellom Vaksdal kommune og Consto Bergen AS (Byggblankett 8407 A).
- Vaksdal kommune. Nye Dale barne- og ungdomsskole Totalentreprise Konkurransesgrunnlaget del 2 – Avtalegrunnlaget.
- Vaksdal kommune. SHA-plan for nye Dale barne- og ungdomsskule.
- Vaksdal kommune. Møtereferat frå forhandlingsmøte mellom Vaksdal kommune og Consto Bergen AS, datert 24.04.2018.
- Vaksdal kommune. Vedtak i kommunestyre sak. 70/2017.
- Vaksdal kommune. Vedtak i kommunestyre sak. 60/2018.

## Andre kjelder

- Consto Bergen AS. Totalentreprisetilbud Dale barne- og ungdomsskule. Datert 02.05.2018.

## Innhenta dokumentasjon frå Consto og underentreprenørar

- Kontraktar mellom totalentreprenøren Consto og utvalde underentreprenørar.
- Arbeidskontraktar, timelister og lønsslippar for dei tilsette i utvalet for perioden mars og april 2019, samt korresponderande bankutskrift som viser overføring av løn.





Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

© 2019 Deloitte AS


Kontrollutvalet i Vaksdal kommune  
v/ sekretariatet

2. september 2019

## **OVERSENDING AV RAPPORT – Forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule**

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet oversender Deloitte rapport frå forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule i Vaksdal kommune.

Med venleg helsing  
Deloitte



**Birte Bjørkelo**  
Oppdragsansvarleg partner

Vedlegg: Rapport frå forvaltningsrevisjon av tilhøva for tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule i Vaksdal kommune.



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2017/27-6  
Sakshandsamar: Einar Ulla

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	37/19	18.09.2019

### Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

#### Bakgrunn for saka:

I 2016 ga Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) ut 2. utgåve av kontrollutvalsboka.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane. Vi er kjent med at KMD har planar om å utarbeide ei 3. utgåve av boka som tek omsyn til endringane som kjem i ny kommunelov med forskrifter, som skal tre i kraft hausten 2019

#### Drøfting:

Kapittel 11 i boken omhandlar "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. I dette kapittelet står bl.a. dette:

*«Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eige arbeid jamleg. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring ved å fokusere på korleis kontrollutvalet fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet si samhandling med sekretariatet og revisjonen bør vere ein del av evalueringa. Evalueringa kan gjerne gjennomførast som ein dialog med revisor og sekretær, dersom dette ikkje er til hinder for at kontrollutvalet kan snakke ope og ærleg om sine erfaringar. Sentrale spørsmål vil vere om kontrollutvalet sine forventingar blir innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga kan bli endå betre.*

*Det kan skrivast referat frå evalueringa. Dersom ein identifiserer forbetningsområde, bør ein føreslå konkrete tiltak. Det er også viktig at kontrollutvalet sine samhandlingspartnarar får høve til å evaluere arbeidet til kontrollutvalet og kome med innspel til forbetningsområde. Både kommunestyret og administrasjonen kan ha verdifulle erfaringar som kan vere med på å gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå betre. Å Invitere desse aktørane med på ei evaluering kan også medverke til å synleggjere og forankre kontrollutvalet sitt arbeid.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97190734 - E-postadresse: [Einar.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Ulla@sfj.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

*Når kontrollutvalsperioden går mot slutten, er det viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval. Det er ein føremon at ikkje alle medlemmene blir skifta ut, slik at ein sikrar ein viss kontinuitet i arbeidet til utvalet. Sekretariatet og revisjonen vil også vere med på å halde oppe stabilitet. Det er uansett avgjerande å etablere ein god praksis for erfaringsoverføring.»*

No er snart valperioden 2015 – 2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining, være bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å delta i evalueringa.

Konklusjon:

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/forbetringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen Vaksdal kommune endå betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023.

**Forslag til vedtak**

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Vaksdal kommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Skjema for evaluering valperioden 2015 - 2019

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Vaksdal kommune, valperioden 2015 – 2019.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet vil gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	
3	Klarer KUV å fyller kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkeleg ressursar til opplæring.	
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	
16	Anna	



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/105-35  
Sakshandsamar: Einar Ulla

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	38/19	18.09.2019

## Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentlig sakshandsaming i Vaksdal kommune

### Bakgrunn

Kommunestyret i Vaksdal kommune gjorde slikt vedtak i sak 03/2019 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentlig sakshandsaming i møte 21.01.2019:

*Med bakgrunn i forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentlig sakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:*

1. Ferdigstille sjekklista for politisk handsaming og sikre at denne blir nytta i førebuinga av politiske saker
2. Sikre at saksframlegg til politiske organ omfattar alle vesentlege punkt frå saksførebuinga, slik som t.d kva konsekvensar som er utgreia og kven som ev. er høyrd i saka
3. Sikre at rutinane for oppfølging av henvendingar er utfyllande og eintydige, at dei inkluderer reglar som gjeld for førebels svar, og at dei blir gjort kjende blant sakshandsamarane
4. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf krav i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført
5. Sikre at retningsliner og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og utfyllande, og følgjer krava i regelverket
6. Utarbeide utfyllande og eintydige rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
7. Sikre at all inn- og utgåande korrespondande blir journalført i samsvar med krav i regelverket
8. Gjennomgå retningsliner, rutinar og praksis for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresega i regelverket
9. Gjennomgå reglementa for folkevalde organ og sikre at desse er utfyllande og i samsvar med gjeldande regelverk
10. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.07.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga, med kopi til Vaksdal Kommunestyret.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97190734 - E-postadresse: [Einar.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Ulla@sfj.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



*Oppfølgingen av innstillingen fra Kontrollutvalget av 27.11.18 legges til den nyansatte rådmannen. Handlingsplanen sin tidsfrist i h.h. til pkt. 10, blir lagt slik at den passer med ansettelse, innen 01.07.2019.*

Sekretariatet mottok handlingsplan 10.09.2019.

### **Drøfting**

Handlingsplanen syner at det er utført eit systematisk og omfattande arbeid når det gjeld tiltak innafor dei forbetningsområda det er peika på i revisjonsrapporten. Nokre av tiltaka i handlingsplanen er utført, og verktøy som skal styra arbeidet vidare er teke i bruk. Handlingsplanen viser vidare at forbetningsarbeidet vil vera ein stadig pågåande prosess, og at dei tiltak ein set i verk må prøvast ut over tid, evt. justerast og følgjast opp vidare.

### **Konklusjon**

Ut frå den skriftlege og munnlege orienteringa som kontrollutvalet får i møte 18.09.19 bør utvalet kome med signal om korleis ein vidare skal følgja opp forvaltningsrevisjonen. Sidan det ser ut til at oppfølgingsarbeidet vert utført i tråd med handlingsplan, vil sekretariatet rå til at det bør gå ei tid før kontrollutvalet ber om ei ny skriftleg orientering i saka. Ny orientering kan til dømes planleggast til første møte i 2020.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort så langt med oppfølging av tilrådingar og tiltak etter forvaltningsrevisjon av saksførebuing og offentleg sakshandsaming.
2. Utvalet ser at det ennå er ein del forbetningsarbeid som står att å vidareføra og følgja opp.
3. Kontrollutvalet vil difor be om ei ny skriftleg orientering om stoda på arbeidet i første møtet i 2020 og den vert å sende sekretariatet tre veker før møtedato.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Handlingsplan forvaltningsrevisjon saksførebuing og offentleg sakshandsaming

## Forvaltningsrevisjon Saksførebuing og offentlig sakshandsaming 2018/2019 – Handlingsplan for oppfølging 2019 -2020

Rådmann har ansvar for oppfølging av vedtaket og har delegert oppgåver der det er naturleg. Tiltaka er planlagt gjennomført 2019/2020, nokre av punkta er del av eit større arbeid som pågår i samarbeid med interkommunalt arkiv i fylket.

Tilråding	Tiltak	Ansvar	Frist	Status
<b>1. Ferdigstille sjekklista for politisk handsaming, og sikre at denne blir nytta i førebuinga av politiske saker</b>	<p>Sjekklista er oppdatert pr 11-2018, informert om og gjennomgått for sakshandsamarar av politiske saker. Den er lagt inn i kvalitetssystemet til kommunen, saman med rutine for politiske saker.</p> <p>Merk at ei sjekkliste for politiske saker aldri kan vere ferdigstilt, men må vere eit dynamisk dokument som vert fortløpande oppdatert.</p> <p>Sjekklista slik den no ligg etter føresetnadene i forvaltningsrevisjonen vil påverke fristar og tid til sakshandsaming.</p>	Rådmann/ Rådmanns leiargruppe	02-2019	Ferdig Løpande
<b>2. Sikre at saksframlegg til politiske organ omfattar alle vesentlege punkt frå saksførebuinga, slik som t.d. kva konsekvensar som er utgreia og kven som ev. er høyrd i saka</b>	<p>Rutine for sakshandsaming er oppdatert 11-2018.. Malar og oppsett i sakssystem er endra som følge av ny rutine. Kvalitetssikring i samsvar med rutine.</p> <p>To-sidig ansvar etter kommunelova for at det også er tilstrekkeleg tid til forsvarleg og tilstrekkeleg politisk handsaming. Gjennomføre vedtaket i «Slik fungerer kommunestyret best» og sikre kontinuerleg dialog gjennom tiltaka i den saka.</p>	Rådmann/ ordførar	02-2019	Ferdig Løpande
<b>3. Sikre at rutinane for oppfølging av henvendingar er utfyllande og eintydige, at dei inkluderer reglar som gjeld for førebels svar, og at dei blir gjort kjende blant sakshandsamarane</b>	<p>Rutinane er gjennomgått og tydeleggjort. Vert tatt inn i kvalitetssystemet og informert om til leiarar og sakshandsamarar. Opplæring i rutinar/regler inngår i opplæringsprogrammet for saksbehandlarar, både for nyttilsette og i løpande oppfriskingskurs.</p> <p>Ein større rutinegjennomgang inngår i arbeidet med ny arkivplan i samarbeid med Interkommunalt arkiv.(prosjekt 2019-2020), jf. pkt. 4-9</p> <p>Nye krav i lovverk mv. krev auka arkivfagleg ressurs. Det er tilsett fagleiar arkiv i full stilling frå 09-2019.</p>	Rådmann/ Fagleiar arkiv	12-2019  09-2020	Under arbeid, løpande
<b>4. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krav i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift, og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.</b>	<p>I regi av Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) er det starta opp eit arbeid med å utarbeide nye arkivplanar og oppdatere tilhøyrande rutinar etter nytt lovverk. Vaksdal kommune deltar i dette arbeidet saman med andre Hordalandskommunar. Arbeidet starta i 2019 og er venta ferdig i 2020.</p> <p>Kapasiteten på fagområdet er styrka ved tilsetting av fagleiar arkiv i full stilling frå september 2019.</p>	Rådmann/ Fagleiar arkiv	09-2020	I oppstart

Tilråding	Tiltak	Ansvar	Frist	Status
<b>5. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og utfyllande, og følgjer krava i regelverket</b>	Rutinegjennomgang inngår i arbeidet med ny arkivplan i samarbeid med Interkommunalt arkiv (prosjekt 2019-2020). Reviderte rutinar og retningslinjer vert implementert i prosjektperioden. Opplæring for arkivpersonell og brukarar av sakssystem og fagsystem vert gjennomført i perioden.  Nye krav i lovverk mv. krev auka arkivfagleg ressurs. Det er tilsett fagleiar arkiv i full stilling frå 09-2019.	Rådmann/ Fagleiar arkiv	09-2020	I oppstart
<b>6. Utarbeide utfyllande og eintydige rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket</b>	Rutinegjennomgang inngår i arbeidet med ny arkivplan i samarbeid med Interkommunalt arkiv (prosjekt 2019-2020). Reviderte rutinar og retningslinjer vert implementert i prosjektperioden. Opplæring for arkivpersonell og brukarar av sakssystem og fagsystem vert gjennomført i perioden.  Nye krav i lovverk mv. krev auka arkivfagleg ressurs. Det er tilsett fagleiar arkiv i full stilling frå 09-2019.	Rådmann/ Fagleiar arkiv	09-2020	I oppstart
<b>7. Sikre at all inn- og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket</b>	Rutinegjennomgang inngår i arbeidet med ny arkivplan i samarbeid med Interkommunalt arkiv (prosjekt 2019-2020). Reviderte rutinar og retningslinjer vert implementert i prosjektperioden. Opplæring for arkivpersonell og brukarar av sakssystem og fagsystem vert gjennomført i perioden.  Nye krav i lovverk mv. krev auka arkivfagleg ressurs. Det er tilsett fagleiar arkiv i full stilling frå 09-2019.	Rådmann/ Fagleiar arkiv	09-2020	I oppstart
<b>8. Gjennomgå retningslinjer, rutinar og praksis for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket</b>	Rutinegjennomgang inngår i arbeidet med ny arkivplan i samarbeid med Interkommunalt arkiv (prosjekt 2019-2020). Reviderte rutinar og retningslinjer vert implementert i prosjektperioden. Opplæring for arkivpersonell og brukarar av sakssystem og fagsystem vert gjennomført i perioden.  Nye krav i lovverk mv. krev auka arkivfagleg ressurs. Det er tilsett fagleiar arkiv i full stilling frå 09-2019	Rådmann/ Fagleiar arkiv	09-2020	I oppstart
<b>9. Gjennomgå reglementa for folkevalde organ og sikre at desse er utfyllande og i samsvar med gjeldande regelverk</b>	Reglement for folkevalde organ vert gjennomgått og revidert av nytt kommunestyre.  Det er tilsett fagleiar for politisk sekretariat i heil stilling frå 10-2019.	Rådmann/ Fagleiar politisk sekretariat	06-2020	Oppstart etter valet



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/37-16  
Sakshandsamar: Einar Ulla

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	39/19	18.09.2019

## Løypemelding vedr. forvaltningsrevisjon interkommunal legevaktteneste

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjon av interkommunal legevaktteneste i møte 03.04.2019 ved at det vart gjort slikt vedtak i sak 18/19:**

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan legevaktsamarbeid med Voss.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplan skal sendast til sekretariatet seinast innan 30.04.2019 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.*
4. *Dei øvrige innspela til aktuelle prosjekt vert å ta med i vurdering når ny plan for forvaltningsrevisjon skal utarbeidast i 2020.*

Med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidde Deloitte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av interkommunal legevaktteneste..

Av forslaget til prosjektplan går det fram kva føremål og problemstillingar prosjektet bør ha:

### **Føremål og problemstillingar**

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om kor vidt system og dialog omkring kostnader og budsjett for den interkommunale legevakttenesta fungerer tilfredsstillande.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det sikra tilstrekkeleg dialog mellom Vaksdal kommune og vertskommunen Voss i samband med fastsetting av budsjettet for legevaktenesta?
  - a. Fungerer samarbeidsutvalet knytt til legevaktenesta på ein tilfredstillande måte i arbeidet med fastsetting av budsjett?
  - b. I kva grad synleggjer vertskommunen at det har blitt gjennomført tilstrekkelege analyser og tiltak for å sikre realistisk budsjettering i legevaktenesta?
2. Er det etablert gode system som sikrar at Vaksdal kommune får tilstrekkeleg oversikt over kommunen sine reelle kostnader knytt til den interkommunale legevaktenesta?
  - a. Har dokumentasjonsgrunnlag og rapportering frå vertskommunen tilfredstillande kvalitet slik at Vaksdal kommune enkelt kan få oversikt over kommunen sine reelle kostnader?
  - b. I kva grad er det avvik mellom budsjett og faktiske kostnader for legevaktenesta og kva er årsaka til dette?

Drøfting:

I kontrollutvalsmøtet 18.09.19 vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Godkjent revidert prosjektplan ligg ved.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilde opplysningar, som f.eks. krev justering i høve til prosjektplanen, blir det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Vaksdal - revidert prosjektplan - legevaktsamarbeid



**Forvaltningsrevisjon | Vaksdal kommune**  
Interkommunal legevaktteneste  
Revidert prosjektplan/engagement letter

Mai 2019

«Forvaltningsrevisjon av  
interkommunal legevaktteneste –  
revidert prosjektplan»

Mai 2019

Prosjektplan utarbeidd for Vaksdal  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Revisjonskriterier	5
3.	Metode	7
4.	Tid og ressursbruk	8



# 1. Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte utarbeidde i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 3.4.2019 og saknr. 18/19 ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av den interkommunale legevakttenesta Voss interkommunale legevakt som Vaksdal kommune deltek i. I samsvar med vedtak på møte 15.5.2019, sak 26/19, har Deloitte utarbeidd ein revidert prosjektplan.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om kor vidt system og dialog omkring kostnader og budsjett for den interkommunale legevakttenesta fungerer tilfredsstillande.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

### 1. I kva grad er det sikra tilstrekkeleg dialog mellom Vaksdal kommune og vertskommunen Voss i samband med fastsetting av og etterleving av budsjettet for legevakttenesta?

- a) Fungerer samarbeidsutvalet knytt til legevakttenesta på ein tilfredsstillande måte i arbeidet med fastsetting av budsjett?
- b) I kva grad synleggjer vertskommunen at det har blitt gjennomført tilstrekkelege analyser og tiltak for å sikre realistisk budsjettering i legevakttenesta?
- c) Bli det i tilstrekkeleg grad rapportert på ev. avvik mellom budsjett og faktiske kostnader for legevakttenesta?

### 2. I kva grad er det etablert ein tydeleg nøkkel for fordeling av kostnadar mellom kommunane i det interkommunale legevaktsamarbeidet?

- a) I kva grad blir fordelinga av kostnadar gjennomført i samsvar med fordelingsnøkkelen?
- b) I kva grad er det lagt opp til at variasjonar i innbyggartal i kommunane, til dømes i samband med helg og feriar, skal ha innverknad på kostnadsfordelinga mellom kommunane i samarbeidet?

## 2. Revisjonskriterier

### 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Krav i lov og forskrift

#### 2.2.1 Kommunen sitt ansvar for tenester ved behov for augeblikkeleg hjelp

Etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-1 skal kommunen sørge for at personer som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. For å oppfylle dette ansvaret skal kommunen etter § 3-2 mellom anna tilby følgande:

3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar, herunder:

- a. legevakt,
- b. heldøgns medisinsk akuttberedskap,
- c. medisinsk nødmeldetjeneste, og
- d. psykososial beredskap og oppfølging

Kommunen har etter §6 i akuttmedisinforskrifta plikt til å tilby legevaktordning som sikrar befolkninga sitt behov for augeblikkeleg hjelp, og skal sørge for at minst ein lege er tilgjengeleg for legevakt heile døgeret.

#### 2.2.2 Vertskommunesamarbeid

For på best mulig måte å ta i vare dei oppgåver og den mynde som kommunane er gjeve, kan ein kommune overlate utføring av lovpålagte oppgåver til ein vertskommune, jf. kommunelova § 28-1a. Dette inneber at kommunane i ein region kan inngå avtale om vertskommunesamarbeid for å drive interkommunal legevakt og legevaktsentral i fellesskap.

Etter § 28-1e skal det opprettast ei skriftleg samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid, som kommunestyret skal vedta. Avtalen skal innehalde føresegner om:

(...)

- d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,
- e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen

Av vertskommuneavtale om Voss og omegn interkommunale legevakt kjem det fram at Vaksdal kommune, Granvin herad, Ulvik herad, Eidfjord kommune og Kvam herad inngår i eit administrativt vertskommunesamarbeid om interkommunal legevakt etter kommunelova § 28-1b, jf. § 28-1a.<sup>1</sup>

Under punkt 7 *Krav til tenesta* går det fram at vertskommunen skal:

7.6.1 Ha driftsansvaret for den interkommunale legevakta.

Punkt 11 i vertskommuneavtalen omhandlar samarbeidsutval. Her står det at vertskommunen har ansvaret for å organisere eit årleg samarbeidsmøte for deltakarkommunane der faglege og administrative forhold, inklusiv økonomi og budsjett vert drøfta. Kvar deltakarkommune kan stille med to representantar i samarbeidsutvalet for legevakt. Samarbeidsmøtet skal gjennomførast innan 15. juni og vertskommunen har ansvaret for planlegging og innkalling i god tid før møtetidspunktet. Det står vidare i punkt 11 at

---

<sup>1</sup> Vaksdal kommune. *Vertskommuneavtale om Voss og omegn interkommunale legevakt.*

vertskommunen koordinerer budsjettarbeidet og skal kvart år i samband med handsaming av rekneskapen leggje fram rapport for deltakarkommunane.

Når det gjeld økonomisk oppgjer går det fram av punkt 16 i vertskommuneavtalen at 77 % av kostnadene for legevakt, og utgifter for legevaktsjef skal fordelast på deltakarkommunane etter ein kostnadsfordelingsnøkkel lik talet på innbyggjarar i deltakarkommunane den 1.januar i regnskapsåret dividert på talet på innbyggjarar i den interkommunale legevakta sitt nedslagsområde. 23 % vert fordelt likt på alle deltakande kommunar.

Vidare går det fram av punkt 17 i vertskommuneavtalen at Vertskommunen utarbeider utkast til årleg driftsbudsjett for Voss interkommunale legevakt og at budsjettforslaget skal sendast samarbeidskommunane innan 1. september. Det står vidare i punkt 17:

17.2. Investeringar og auka driftsutgifter utover normal løns- og prisjustering skal vere godkjent av Samarbeidsutvalet for å kunne innarbeidast i budsjettutkastet.

17.3. Det er deltakarkommunane som vedtek Voss interkommunale legevakt sitt budsjett. Budsjettet er gyldig når det er vedteke av alle kommunane sine kommunestyre.

17.4. Dersom kommunestyra ikkje blir samde om årsbudsjett for komande år, leggast inneverande årsbudsjett, justert for verknad av lønsoppgjeret og prisstiging (statsbudsjettets føresetnader), som budsjett for komande år.

17.5. På grunnlag av krav utstedt av vertskommunen, dekkjer samarbeidskommunane sine deler av utgiftene forskotsvis. Beløpet forfell med ein halvpart 1. februar og 1. august kvart år. Avrekning mot faktiske utgifter vert gjort på same faktura som ovannemnt, men for halvåret forut.

17.6. Ubrukte midlar vert sett av på fond til bruk etterfølgjande år. Deltakarkommunane får kvartalsrapport frå vertskommunen som skildrar kostnadsutvikling og prognosar.

Eit eventuelt underskot vert avrekna mellom deltakarkommunane etter kostnadsfordelingsnøkkel.

### **2.3 Kommunale styringsdokumenter og vedtak**

Relevante kommunale styringsdokument og politiske vedtak kan også bli nytta som revisjonskriterium.

## 3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

### 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar, kommunale vedtak og saksutgreiingar, samt vertskommuneavtale og andre relevante dokument knytt til Voss interkommunale legevakt vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Informasjon frå Vaksdal kommune og Voss interkommunale legevakt som budsjett og rapporteringar m.v. vil bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

### 3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte leiarar i Vaksdal kommune og vertskommunen Voss som kan bidra til å belyse korleis samarbeidet omkring den interkommunale legevaktenesta fungerer. Dette vil kunne inkludere rådmann i dei to kommunane samt deltakarar i samarbeidsutvalet for den interkommunale legevakta. Vi tek sikte på å gjennomføre totalt tre til fire intervju.

### 3.3 Verifisering og høring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

## 4. Tid og ressursbruk

### 4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes (senior konsulent), Annbjørg Ryssdal og Silje Fossdal. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

### 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 200 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

### 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere juni 2019 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av desember 2019. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Vaksdal kommune og Deloitte.

Bergen, 23. mai 2019



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarlig partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries and territories bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.

© 2019 Deloitte AS



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2017/58-39  
Sakshandsamar: Einar Ulla

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	40/19	18.09.2019

## Framlegg til budsjett for 2019 for kontrollarbeidet i Vaksdal kommune

### Bakgrunn for saka

Stortinget vedtok ny kommunelov 22.06.2018 og denne skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret for valperioden 2019 – 2023. På bakgrunn av denne vedtok KMD 17.06.2019 ny forskrift om kontrollutval og revisjon som skal tre i kraft frå konstituerande møte i ny valperiode.

Av denne går det fram dette av § 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsetting av budsjett for kontrollarbeidet:

*«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

### Drøfting

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstille direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår og gjeldande avtale med ekstern revisor. Den har formulering om konsumprisauke, som er teke omsyn til. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekke både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det vil vera 6 møte i kontrollutvalet i 2020, og med om lag like stor saksmengd som tidlegare år. Elles er det m.a. lagt inn møtegodtgjersle, kostnader til at medlemmene i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, reisekostnader, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn og servering på utvalsmøta.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97190734 - E-postadresse: [Einar.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Ulla@sfj.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Det er også lagt inn forslag om eit beløp til ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, f.eks. forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og utgreiingar, som måtte koma undervegs i året utover planlagde aktivitetar. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppdrag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjent plan.

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar, jf. ny kommunelov § 23-3. Denne skal tuftast på en risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i selskap som kommunen eig eller er medeigar i. Vidare skal kontrollutvalet minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast, jf. ny kommunelov § 23-4. Denne skal tuftast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap.

Det normale er at kontrollutvalet ber revisor om medverknad i dette arbeidet og det bør derfor budsjetterast med ekstra ressursar til å få gjennomført dette arbeidet i 2020, som er første året i ny valperiode. Slike kostnader er lagt inn i budsjettforslaget ved å auke beløpet til ekstra tiltaksmidlar noko.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføre prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjektarbeid krevje ei ramme på minimum 300 timer for kommunar med Vaksdal sin storleik.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i tråd med avtale mellom Vaksdal kommune og Hordaland fylkeskommune. Den har formulering om konsumprisauke, som er teke omsyn til.

### **Konklusjon**

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, eventuelt inkludert endringar som vert gjort i møtet.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for 2020 for kontrollarbeid i Vaksdal kommune, med dei endringar som eventuelt kjem fram i møtet.
2. Budsjettforslaget vert å senda Vaksdal kommune for vidare handsaming.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Budsjettforslag 2020 KUV Vaksdal kommune - Taldel



## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Vaksdal kommune for 2020

Konto	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap pr. 31.07.2019	Budsjett 2020	Merknad
10500	Anna løn og trekkpliktige ggj.	kr 969	kr -	kr 353	kr -	
10801	Godtgjersle folkevalde	kr 15 750	kr 20 640	kr 10 122	kr 21 690	
1087	Tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 15 000	kr -	kr 15 000	
1080	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 800	kr -	kr 1 800	
	Delsum	<b>kr 16 719</b>	<b>kr 37 440</b>	kr 10 475	<b>kr 38 490</b>	
1099	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 2 357	kr 5 279	kr 1 477	kr 5 427	
	Delsum	<b>kr 19 076</b>	<b>kr 42 719</b>	kr 11 952	<b>kr 43 917</b>	
	Andre utgifter	kr -	kr -	kr -	kr -	
11201	Aviser/faglitteratur	kr 8 559	kr 10 000	kr 14 085	kr 10 000	Abon.m. Kom.revisor & Kom.rapp
11151	Servering på møta	kr 4 498	kr 8 000	kr 1 995	kr 8 000	Mat på kontr.utv.møta
11201	Gåver, blomster og velferdstiltak	kr -	kr -	kr 235	kr -	
11500	Opplæring, kursutgifter ikkje oppg.pl.	kr 37 951	kr 30 000	kr 15 980	kr 30 000	Delt. FKT og NKRF-konferansar
11503	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	kr 20 000	Ny folkev.opplæring vil vera i 2020
11600	Skyss/kostgodtgjersle oppgåvepl.	kr 702		kr 392		
11602	Køyregodtgjersle	kr -	kr 1 000	kr -	kr 1 000	
11700	Kjøp av transporttjenester	kr 3 416	kr 20 000	kr 6 176	kr 20 000	
11702	Reiseutgifter etter regning	kr 240	kr 1 000	kr -	kr 1 000	
11952	Kontingentar	kr 3 500	kr 3 500	kr -	kr 3 500	Medlemsskap FKT
12700	Konsulenttenester (revisjon), ikkje oppg.pl.	kr 607 400	kr 528 360	kr 208 682	kr 708 185	Prisauke etter avtale med Deloitte inkl. ekstra midler til planarbeid
1273	Andre konsulenttenester (revisjon)	kr -	kr -	kr -	kr -	
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 134 100	kr 129 500	kr 82 788	kr 133 000	Prisauke etter avtale med HFK
13701	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr 50 000	kr -	kr 50 000	Ad.hoc oppgaver.
16900	Fordeling ind.kostnader	kr -15 461				
	Delsum	<b>kr 784 905</b>	<b>kr 781 360</b>	<b>kr 330 333</b>	<b>kr 984 685</b>	
14290	Meirverdiavgift	kr 188 604	kr 185 995	kr 87 543	kr 236 826	
17290	Moms-kompensasjon	kr -188 604	kr -185 995	kr -87 543	kr -236 826	
	Total budsjetttramme	<b>kr 803 981</b>	<b>kr 824 079</b>	<b>kr 342 285</b>	<b>kr 1 028 602</b>	



Vaksdal kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2017/47-16  
Sakshandsamar: Einar Ulla

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Vaksdal kommune	41/19	18.09.2019

### Gjennomgang av møteprotokollar

#### Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Vaksdal kommune. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til kommunen. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane.

I møte i kontrollutvalet 09.05.2017 blei det gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Boris Groth
Formannskapet	Odd Jøran Oldervik og Bjørg Aase Nottveit Hop
Levekårsutvalet	Bente Sundheim og Terje Davidsen

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteprotokollane:

- Kommunestyret 17.06.19
- Formannskap/plan- og øk.utvalet 29.05.19, 11.06.19, 26.08.19
- Levekårsutvalet 20.05.19

Møteprotokollane kan lastas ned frå heimesida til kommunen,  
<http://innsyn.sing.no/Vaksdal/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97190734 - E-postadresse: [Einar.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Ulla@sfj.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Ulla  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**PS 42/19 Referatsaker**

**Fra:** Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)

**Sendt:** 05.09.2019 11:37:00

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn

**Kopi:**

**Emne:** Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019

**Vedlegg:**

Kjære medlemmer,



Det viktigste som skjer denne høsten er selvfølgelig kommune- og fylkestingsvalget. Nye kontrollutvalg skal velges og læres opp!

**Opplæringspakke:**

- FKT har laget en opplæringspakke/samling av pp-presentasjoner som vi vil sende ut til medlemssekretariatene ganske snart. Her kan man velge presentasjoner og tilpasse som man ønsker. Dette vil også bli lagt ut på medlemssidene til FKT.
- Det kan også være verdt å notere seg allerede nå at vi vil tilby et eget dagskurs for kontrollutvalgsledere «**KU-lederskolen**» i uke 17 2020. Her vil vi gå dypere inn i den viktige rollen det er å være KU-leder.
- I tillegg til dette har vi sendt oppfordring til alle kommuner om at hele kontrollutvalget bør delta på folkevalgtopplæringen til kommunestyret. Samtidig oppfordret vi også til at den kommunale egenkontrollen må gis god plass i folkevalgtopplæringen. Et godt lokaldemokrati krever en god egenkontroll. Kunnskap er bærebjelken for å få dette til.

**Veileder påse-ansvar overfor regnskapsrevisor:**

Flere har etterspurt veilederen. Den er like rundt hjørnet den også 😊



**Kurs i påse-ansvaret overfor regnskapsrevisor:**

Invitasjon kommer! Noter datoene **5.-6. november**, Lillestrøm Scandic Hotel

**Styret:**

Styret hadde møte 14. august 2019. Protokollen er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) her finner du også et lite bildereferat fra FKTs arrangement i Arendal.

Da gjenstår det å ønske lykke til med valget og tusen takk for følge til dere som ikke blir med videre.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær





**Fra:** Einar Ulla (Einar.Kare.Ulla@sfj.no)

**Sendt:** 09.09.2019 10:33:52

**Til:** Roald Breistein

**Kopi:**

**Emne:** VS: Vedrørende forvaltningsrevisjon Dale Skule arbeidstilhøve.

**Vedlegg:**

---

**Fra:** Kari Marie Nygard <kari.nygard@hfk.no>

**Sendt:** torsdag 20. juni 2019 13:26

**Til:** Boris Groth <borisgroth@gmail.com>; Davidsen Terje <Terje.Davidsen@bkk.no>; O. J. Oldervik <ojoldervik@yahoo.no>; Hop Bjørg Aase Nottveit <Bjorg.Hop@bkk.no>; bente.sundheim@nortura.no

**Kopi:** Øivind Olsnes <oivind.olsnes@nordhordland.net>; Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@hfk.no>; Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@sfj.no>

**Emne:** SV: Vedrørende forvaltningsrevisjon Dale Skule arbeidstilhøve.

[Melding vedr. auke i timeanslag innanfor budsjettramme.](#)

-  
Har drøfta saka med utvalsleiar og sett på kostnader som prosjekt vil få med auke i timeramme med 25 timar. Kontrollutvalet har dekning for denne meir-kostnaden innanfor si budsjettramme. Bl.a har kontrollutvalet til disposisjon kr 50 000 i «ekstra tiltaksmidlar», og denne posten kan nyttast til dette prosjektet.

Vennleg helsing

**Kari Nygard**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet

Tlf.: 916 64 183

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

---

**Fra:** Kari Marie Nygard

**Sendt:** torsdag 20. juni 2019 09:34

**Til:** 'Boris Groth' <borisgroth@gmail.com>; Davidsen Terje <Terje.Davidsen@bkk.no>; O. J. Oldervik <ojoldervik@yahoo.no>; Hop Bjørg Aase Nottveit <Bjorg.Hop@bkk.no>; bente.sundheim@nortura.no

**Kopi:** Øivind Olsnes <oivind.olsnes@nordhordland.net>; Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@hfk.no>; '!' <einar.ulla@sfj.no>

**Emne:** SV: Vedrørende forvaltningsrevisjon Dale Skule arbeidstilhøve.

Til kontrollutvalet og settesekretær,

Eg meiner det er viktig – og rett - å utvide timeramma med 25 timar.

Eg skal i løpet av dagen sjå på korleis dette vil bli innafør vedteke budsjettramme – og sende ei melding til dykk på det.

Vennleg helsing

**Kari Nygard**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet

Tlf.: 916 64 183

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

**Fra:** Boris Groth <[borisgroth@gmail.com](mailto:borisgroth@gmail.com)>

**Sendt:** torsdag 20. juni 2019 00:37

**Til:** Boris Groth <[borisgroth@gmail.com](mailto:borisgroth@gmail.com)>; Davidsen Terje <[Terje.Davidsen@bkk.no](mailto:Terje.Davidsen@bkk.no)>; O. J. Oldervik <[ojoldervik@yahoo.no](mailto:ojoldervik@yahoo.no)>; Hop Bjørg Aase Nottveit <[Bjorg.Hop@bkk.no](mailto:Bjorg.Hop@bkk.no)>; [bente.sundheim@nortura.no](mailto:bente.sundheim@nortura.no)

**Kopi:** Kari Marie Nygard <[kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no)>; Øivind Olsnes <[oivind.olsnes@nordhordland.net](mailto:oivind.olsnes@nordhordland.net)>

**Emne:** Vedrørende forvaltningsrevisjon Dale Skule arbeidstilhøve.

Til Vaksdal KU,

Vedrørende pågåande forvaltningsrevisjon av Dale Skule arbeidstilhøve.

Eg fekk i kveld telefon frå settesekretær i saka, då han var blitt kontakta av revisor med ny informasjon og på bakgrunn av denne ein førespurnad om å utvide ramma med 25 timer for ytterligare undersøkingar.

Bakgrunnen for førespurnaden var funn som var gjort så langt, og som det vart anbefalt å fylje opp.

Sette sekretær anbefalte sterkt å gå inn for å utvide ramma, for å sikre at me får ein mest mulig komplett og relevant rapport til hausten.

Om det er gjort funn som har fanga revisors oppmerksomhet tenker eg som leiar at deyte er fornuftig for å sikre at rapporten vert best mogleg, og raskast mogleg kan ha effekt for å korrigere evt. feil/mangler!

Settesekretær skulle vidaresende ein epost med meir info frå revisor, men eg har ikkje motatt denne endå.

Eg ettersender så snart eg får den.

Men syns dette var så viktig at eg ville informere vidare umiddelbart, og spørre kva KU tenker.

Er de einige i å utvide ramma med 25timer om det er gjort funn som tilseier at ein bør sjå nærare på noko?

Med vennleg helsing

Boris Groth

Leiar KU Vaksdal



**PS 43/19 Eventuelt**